



Foto: Dagfinn Kroslid, EA Lista

## **Eksponeeringskartlegging ved norske aluminiumverk**

-

### **Samlerapport for prosjektet: "Kartlegging av yrkeseksponering av betydning for utvikling av hallastma ved produksjon av primæraluminium" (HAPPA)**

Nils Petter Skaugset  
Hilde Notø  
Lars Jordbekken  
Elianne Seberg  
Dag G. Ellingsen  
Yngvar Thomassen



## Innholdsliste:

1. Samandrag	5
2. Abstract (på engelsk)	6
3. Konklusjonar	7
4. Bakgrunn	10
5. Målsetjingar	10
6. Definisjonar og forklaringar	11
6.1. Støv og aerosolfraksjonar	11
6.2. Helse relaterte aerosolfraksjonar	11
6.2.1. Inhalerbar aerosol fraksjon ( $f_{inh}$ )	12
6.2.2. Torakal aerosolfraksjon ( $f_{tor}$ )	12
6.2.3. Respirabel aerosolfraksjon ( $f_{res}$ )	12
6.2.4. Trakeobronkial aerosolfraksjon	13
6.2.5. Ekstratorakal aerosolfraksjon	13
7. Medverkande aluminiumverk	15
7.1. Elkem Aluminium Lista (EAL)	15
7.2. Elkem Aluminium Mosjøen (EAM)	15
7.3. Hydro Aluminium Karmøy (HAK)	15
7.4. Hydro Aluminium Årdal (HAA)	15
7.5. Hydro Aluminium Høyanger (HAH)	16
7.6. Sør-Norge Aluminium (SØRAL)	16
8. Prøvetaking	16
8.1. Prøvetakingsstrategi	16
8.2. Aerosolprøvetakarar	17
8.2.1. IOM	17
8.2.2. Respicon™ virtuell impaktor	17
8.2.3. Respirabel og torakal syklon	18
8.2.4. Direktevisande Respicon og Split 2	18
8.3. Gassprøvetakarar	19
8.3.1. Gassensorar	19
8.3.2. Gassfilter	19
9. Prøver samla med dei ulike prøvetakarane	20
10. Analysemetodar	22
10.1. Gravimetri	22
10.2. Fastsetjing av fluorid	23
10.2.1. Vassløseleg fluorid	23
10.2.2. Lutløseleg fluorid	23
10.2.3. Partikulært fluorid	23
10.2.4. Fluorid i gassform (HF) og SO <sub>2</sub>	23
10.2.5. Totalfluorid	24
11. Instrumentering	24
12. Kvalitetssikring	24
13. Resultat og diskusjon	24
13.1. Fastsetjing av helse relatert aerosol fraksjonar med ulike prøvetakarar	25
13.1.1. Respicon og IOM	25
13.1.2. Gassar	30
13.2. Samanlikning av ulike prøvetakar	34
13.3. Tidsoppløyst eksponering	36
13.3.1. Direktevisande målingar av SO <sub>2</sub>	36
13.3.2. Direktevisande målingar av aerosolar	41

13.4. Personvariasjon av eksponering	44
14. Effektiviteten av verneutstyr ved bruk	46
15. Ultrafine partiklar	47
16. Tilrådingar for framtidige eksponeringsmålingar	47
17. Referansar	53
18. Appendiks	55
18.1. Resultat fordelt på verk	55
18.2. Resultat fordelt på arbeidsstad	59
18.3. Resultat frå EAL januar 2003	62
18.4. Resultat frå EAL mars 2004	66
18.5. Resultat frå EAM februar 2003	70
18.6. Resultat frå SØRAL mars 2003	73
18.7. Resultat frå HAK mars/april 2003	76
18.8. Resultat frå HAA september 2003	80
18.9. Resultat frå HAH oktober 2003	85

## 1. Samandrag

I 2003 vart det gjennomført arbeidsmiljømålingar for utvalte arbeidsoperasjonar ved 6 av dei 7 norske aluminiumverka. For betre å kunne forstå den komplekse arbeidsatmosfæren i smeltehallane, som lengda på og variasjonen av forureiningar i innandingslufta, må ein bruke nye prøvetakingsstrategiar. Dette medfører bruk av aerosolprøvetakarar for dei helserelaterte aerosolfraksjonane. Personleg eksponering av 1037 skiftmålingar vart gjennomført. For HF og SO<sub>2</sub> vart det samla inn 854 prøver, for Respicon 1032, for IOM-prøvetakaren 864, for torakal sykklon 156 og for respirabel sykklon 88 prøver.

Prøvetakingsstrategien i prosjektet fokuserte på målingar av total- og vassløyeseleg-fluorid i dei respirable/torakale/inhalerbare fraksjonane, HF og SO<sub>2</sub>. For aerosolar og SO<sub>2</sub> vart det i tillegg nytta direktevisande instrument for å skaffe kunnskap om variasjonen i eksponeringa.

Den gjennomsnittlege personlege eksponeringa i hallar med prebake var statistisk sikkert ( $p < 0,05$ ) høgare enn den gjennomsnittlege eksponeringa i hallar med Søderberg. Resultata viser at mesteparten av det totale fluoridet er partikulært fluorid, med eit mindre bidrag frå gassformig HF (mindre enn 12 % av totalfluorid i prebake og mindre enn 20 % i Søderberg).

For både prebake- og Søderberghallar kjem det største bidraget til eksponeringa frå kortvarige episodar med høg eksponering. Tradisjonelle prøvetakingsstrategiar med bruka av tidsvege gjennomsnitt, kan føre til at dette blir oversett. Kontinuerleg overvaking av SO<sub>2</sub> over 597 arbeidsskift viser at ein oppnår 90 % av den samla eksponeringa over skiftet i løpet av 6 % av skifttida. For aerosolar ( $n=43$ ) oppnår ein 90 % av den kumulative eksponeringa i løpet av 49 % av skifttida for den respirable aerosolen, 44 % av skifttida for den torakale aerosolen og 36 % av skifttida for den inhalerbare aerosolen. Sidan mesteparten av eksponeringa kjem i løpet av desse episodane er det viktig å identifisere samanhengen mellom desse episodane, arbeidsoppgåver og utføring av arbeidsoppgåver for å finne optimale løysningar.

Ein test av brukseffektiviteten for vernemasker viste meir enn 95 % brukseffektivitet for vernemasker klassifisert med partikkelkarakterisering P3 (dei fleste brukar masker klassifisert som P3) samanlikna med den inhalerbare aerosolen utanfor maska.

Mengda ultrafine partiklar ( $d < 100$  nm) vart undersøkt under anodeskift. Resultata viser at talet på ultrafine partiklar auka frå omlag  $1 \cdot 10^5/\text{cm}^3$  til omlag  $1 \cdot 10^7/\text{cm}^3$  under denne arbeidsoperasjonen.

I framtida bør industrien fokusere på den aerosolfraksjonen som trenger forbi strupehovudet; den torakale aerosolfraksjonen. For rutinemålingar bør bruk av torakal sykklon med oppsamling av gassane HF og SO<sub>2</sub> vere fullgodt. Ein god måte for vidare å kunne undersøkje episodane med høge konsentrasjonar er å bruke direktevisande instrument saman med videofilming av det arbeidet som blir utført. Til dette kan ein t.d. nytte verktøyet PIMEX (Picture Mixed Exposure).

## 2. Abstract (på engelsk)

In 2003 the HAPPA-project started with collection of personal exposure measurements in 6 of the 7 Norwegian Aluminum smelters. To better understand the complex workroom air composition in smelter potrooms and the spatial and temporal variability in worker's exposure, new air monitoring strategies with the use of aerosol samplers for the health related aerosol fractions were required. Personal exposure of 1037 personal shift measurements were monitored. For HF and SO<sub>2</sub> both 854 samples, for Respicon 1032, for the IOM-sampler 864, for thoracic cyclone 156 and for respirabel cyclone 88 samples were collected.

The monitoring strategy in this project has focused on the measurements of total and water-soluble fluorides in respirable/thoracic/inhalable fractions, HF and SO<sub>2</sub>, and the use of direct reading instruments for SO<sub>2</sub> and aerosols for obtaining information about exposure variability.

The personal exposure in Prebake potrooms were significantly ( $p < 0,05$ ) higher than the mean exposure in Söderberg potrooms, with the only exception being HF, where the highest mean levels were found in Söderberg. Results are showing that total fluorides are mainly particulate fluorides, with only a small contribution of gaseous HF (less than 12% of the total fluorides in prebake and less than 20% in Söderberg).

For both Prebake and Söderberg, the main contribution to the occupational exposure in this industry is caused by episodes, typically short timed and with high concentrations. Traditional sampling procedures using time weight averages completely suppress this information. Continuous monitoring of SO<sub>2</sub> during 597 work shifts showed that 90% of the cumulative exposure was on average reached within 6% of the work hour. For aerosols (n=43) 90% of the cumulative exposure was on average reached within 49%, 44 % or 36 % of the working hour for the respirable, thoracic and inhalable fractions, respectively. Most of the exposure during a work shift is due to these peaks. It is therefore of great importance to identify the connection between working operation parameters and working procedure in order to obtain the best work practice.

A test of personal protection masks showed more than 95 % efficiency of the masks classified as P3 (the most used types) compared to the inhalable aerosol measured outside the masks.

Ultrafine particles were investigated during anode change, and during this work task the number of ultrafine particles increased from  $1 \cdot 10^5/\text{cm}^3$  to  $1 \cdot 10^7/\text{cm}^3$ .

In the future the industry should focus on the aerosol fraction penetrating below the larynx; i.e. the thoracic aerosol fraction. For routine measurements the use of a thoracic cyclone with additional collection of HF/SO<sub>2</sub> should be satisfactory. In order to investigate the nature of the high concentration episodes the use of direct reading instruments and PIMEX (Picture Mixed Exposure) with video recording of the worker could to be a good way to address the challenge of episode exposure.

### 3. Konklusjonar

Prosjektet har gjennomført personlege arbeidsmiljømålingar ved alle dei 7 norske aluminiumproduserande verka. Resultata i denne rapporten er frå 6 av dei norske verka, og gjev eit bilete av eksponeringa for dei forureiningane som er blitt fastsett.

Dei forureiningane som har blitt kvantifisert er helserelevante aerosolfraksjonar og gassane SO<sub>2</sub> og HF. I tillegg er mengda av partikulært fluorid og mengda vassløselege fluorid kvantifisert i dei ulike aerosolfraksjonane.

Samla sett viser resultata at for alle forureiningane som vart kartlagt i denne prøvetakingsperioden, med unntak av gassformig HF, var det statistisk signifikant ( $p < 0,05$ ) høgare personeksponering i prebakehallane enn i Søderberghallane. For HF var det gjennomsnittleg høgare personeksponering i Søderberghallane.

#### **Variasjon i eksponeringa frå dag til dag for same person og mellom personar:**

Variasjonar i den torakale aerosolfraksjonen (GM, geometrisk middelværdi) frå Respiconmålingane vart brukt til å studere variasjonen i eksponeringa mellom personar og samanlikne med dag til dag variasjonen i eksponeringa for same person. Resultata viser at variasjonen for ein arbeiddar innan ein gjeven jobbkategori frå dag til dag var større enn variasjonen mellom ulike arbeiddarar innan same jobbkategori.

Det er viktig at ein i framtida nyttar personlege arbeidsmiljømålingar for å forsikre seg om at nye tekniske løysningar og endringar i arbeidsrutinar også har ein positiv effekt på eksponeringsnivåa for dei ulike arbeidsoperasjonane.

#### **Samanlikning av aerosoleksponering målt med ulike prøvetakarar:**

Målt med IOM varierer den geometriske middelværdien for inhalerbar aerosol frå 1 000 µg/m<sup>3</sup> til 4 700 µg/m<sup>3</sup> avhengig av verk. Når ein måler den same aerosolfraksjonen med Respicon er verdien lågare, truleg kan dette forklarast med at oppsamlingseffektiviteten til Respicon ikkje er god nok for den grovaste delen av den inhalerbare aerosolen (den ekstratorakale aerosolfraksjonen). Det at ein i feltstudium ikkje er garantert at begge prøvetakarane er utsett for den same forureina fordi dei er lokalisert på litt forskjellige plassar i innandingssona kan gje bidrag til forskjell mellom målte verdiar. Den inhalerbare aerosolfraksjonen varierer frå 1 300 µg/m<sup>3</sup> til 4 000 µg/m<sup>3</sup> når ein nyttar Respicon som prøvetakar

For alle verk (målt med Respicon) er meir enn 60 % av den inhalerbare aerosolmassen i den grovaste delen av aerosolen, altså den ekstratorakale fraksjonen. Dette viser at størstedelen av aerosolmassen i innandingssona blir avsett i dei øvre luftvegane ovanfor strupehovudet. 40 % av den inhalerbare aerosolen kan passere forbi strupehovudet. Det er denne fraksjonen ein meiner er viktigast for utvikling av yrkessjukdomen astma/hallastma.

#### **Eksponering for fluorid:**

Nivåa på eksponeringa for partikulært inhalerbart fluorid viser store forskjellar mellom dei ulike verka, men den prosentvise fordelinga mellom dei ulike helserelevante fraksjonane (respirabel, torakal og inhalerbar) er relativt lik. Totalfluorid er her summen av inhalerbart partikulært fluorid (målt med Respicon) og gassformig fluorid samla opp på impregnerte filter. Spreiinga av resultata for totalfluorid mellom verka er stor. Resultata for HF viser at mengdene er små

samanlikna med mengda partikulært fluorid. Største bidraget til fluorideksponering kjem derfor frå dei partikulære aerosolfraksjonane og ikkje frå gass (HF).

Vidare kan man konkludere med at for den torakale fraksjonen (den delen av aerosolen som blir avsett nedanfor strupehovudet) viser resultata at mesteparten (70%) av det vassløyselege fluoridet kjem frå 40 % av den inhalerbare aerosolmassen. Med andre ord dess mindre partiklane er, dess større del av massen er fluorid.

### **Målingar med direktevisande utstyr og kortvarige høge eksponeringar:**

Ved bruka av direktevisande prøvetakingsutstyr vart det ved fleire høve i løpet av dei ulike prøvetakingsperiodane målt høge eksponeringar for aerosolar og gassar. Ei utfordringane i denne industrien er å få ned talet og nivåa på desse episodane. Dette gjeld både for aerosol og for gassar. Kortvarige episodar er ofte knytt til spesielle arbeidssituasjonar/oppgåver. Det er vist at det var dei kortvarige eksponeringsepisodane som utgjorde størstedelen av den gjennomsnittlege eksponeringa både for aerosolar og gassen SO<sub>2</sub>.

For direktevisande målingar av SO<sub>2</sub> viste gjennomsnittet (GM, frå n=595) at 50 % av den samla eksponeringa på skiftet for SO<sub>2</sub> skjer i løpet av 1,6 % av tida på skiftet (omlag 8 min. av eit heilt arbeidsskift). Medan den tilsavande tida for 90% av den samla eksponeringa på skiftet var på 27 min. av eit arbeidsskift (5,6 %).

### **Undersøking av vernemasker:**

Effektiviteten av fem ulike vernemasker vart undersøkt. Av desse viste dei med partikkelklassifisering P3 ein god oppsamlingseffektivitet (> 95 % basert på mengda av inhalerbar aerosol utanfor maska) ved dei forureiningsnivåa som var i hallane ved utprøvinga.

### **Ultrafine partiklar:**

Ultrafine partiklar (d<100 nm) var tilstades i dei hallane der det vart undersøkt. Desse partiklane dannast ved kondensasjon like over det flytande elektrolysebadet. Undersøkinga av ultrafine partiklar var avgrensa, men resultata viste forskjell mellom Søderberg-og prebaketeknologien, både med omsyn på talet av partiklar og partikkelstorleiksfordeling.

Samanlikna med det generelle nivået i ein prebakehall auka talet på ultrafine partiklar under anodeskift (frå 1\*10<sup>5</sup>/cm<sup>3</sup> til 1\*10<sup>7</sup>/cm<sup>3</sup>). Desse eksponeringsmålingane for ultrafine partiklar må sjåast på som eit pilotstudium. Talet på målingar og talet på undersøkte plassar er for lite til å kunne trekke meir sikre konklusjonar. Vidare arbeid er derfor nødvendig for å kunne seie noko meir om eksponeringa for ultrafine partiklar.

### **Tilrådingar for framtidige eksponeringsmålingar:**

Eksponeringsmålingar for vurdering av forureinar i arbeidsmiljøet i primær aluminiumindustri, med spesielt fokus på å førebygge astma og andre yrkesrelaterte luftvegslidingar må baserast på personleg prøvetaking. Dette i motsetning til stasjonære målingar.

Med bakgrunn i ynskje om å modernisere arbeidsmiljømålingar i aluminiumindustrien og med spesielt fokus på astmaproblematikken anbefalast det fyrst og fremst å



fokusere på forureiningskomponentar som kan penetrere til det **torakale** området i luftvegane (Vincent, 1995).

Bruk av direktevisande utstyr bør nyttast så mykje som mulig ettersom slikt prøvetakingsutstyr og vil vere til god hjelp for å kunne jobbe meir effektivt med kontinuerlege forbetringar av arbeidsmiljøet.

Eit tilrådt overvakingsprogram bør også være rasjonelt og helst minst mogeleg ressurskrevjande. Prøvetakarar for simultan prøvetaking av aerosolar og gassar er tilgjengeleg kommersielt.

Dette medfører at i denne industrien bør eksponeringsmålingar av den torakale aerosolfraksjonen og gassane SO<sub>2</sub> og HF, inkluderast i dei framtidige rutineovervakingsprogramma ved alle verka.

## 4. Bakgrunn

Frå norsk aluminiumindustri blir det stadig rapportert inn til Arbeidstilsynet om tilfeller av hallastma og andre luftvegslidingar (ref: [www.ams-aluminium.no/html/yrkessykdommer.html](http://www.ams-aluminium.no/html/yrkessykdommer.html)). Noko eksakt årsak til utviklinga av hallastma er til no ikkje kjent, men mange forureiningar er identifisert i arbeidsatmosfæren. I aerosolen (støvet) er det funnet m.a. flyktige polysykliske aromatiske hydrokarbonar (PAH), aluminium, aluminiumoksid, fluorid- og berylliumsambindingar, medan hydrogenfluorid og svoveldioksid er kjente gassar. Direktoratet for arbeidstilsynet foreslo i 2003 at normlista skulle innehalde ei ny normvurdering for hydrogenfluorid og for partikulært fluorid i arbeidsatmosfære. Aluminiumindustrien i Noreg ved Aluminiumindustriens Miljøsekretariat (AMS) og Statens arbeidsmiljøinstitutt (STAMI) viste til manglande eksponeringsdata, og foreslo ei utsetjing av revisjonen for desse stoffa i 3 - 5 år. Dette forslaget vart vedteke av styret for Direktoratet for arbeidstilsynet.

Den føreslåtte revisjonen av administrative normene for HF og fluorid, den mogeleg samanhengen mellom fluorideksponering og hallastma samt at industrien mangla informasjon om fluorideksponeringa målt med prøvetakingsutstyr som fylgjer dei helserelaterte aerosolfraksjonane, gjorde at dette prosjektet, kalla HAPPA-prosjektet vart starta i 2002.

## 5. Målsetjingar

Dette er målsetjingane for prosjektet tatt frå protokollen.

- Bruke nytt monitoreringsprogram på verka ved Lista, Husnes, Karmøy, Årdal, Høyanger og Mosjøen:
  - Val av prøvetakingsstrategi
  - Utarbeide monitoreringsprogram for norsk aluminiumindustri
  - Bruke moderne utstyr for å kartlegge kva for eksponeringsfaktorar som kan ha noko å seie for førekomst og utvikling av luftvegslidingar
  - Variabiliteten av aerosoleksponeringa skal undersøkast ved bruk av berbart direktevisande utstyr (Split 2 og Respicon)
  - Eksponering for støv skal undersøkjast ved bruk av utstyr for fastsetjing av respirabel, torakal og inhalerbar fraksjon
  - Eksponering for HF og SO<sub>2</sub> målast (monitorerast) parallelt med aerosoleksponering. Intensiteten av SO<sub>2</sub> vert fastsett med berbare gass-sensarar
  - Undersøkje innverknad av teknologi og driftsparametrar for yrkeseksponering i elektrolysehallane
  - Fastsetjing av totalmasse, vassløselige fluorid, partikulært fluorid og totalfluorid (gassformig og partikulært fluorid) i de ulike aerosolfraksjonane (respirabel, torakal og inhalerbar)
  - Tilbakemelding til styret i AMS og til dei deltakande verka, med utarbeiding av verksspesifikke delrapportar
- Avklare om fritt eksisterande nanopartiklar er ei aktuell problemstilling nær badsmelta i hallene
  - Eventuelt fastsetje eksponeringa for desse nanopartiklane
- Undersøkje effektiviteten av personleg verneutstyr ved bruk, med spesielt fokus på effektivitet i bruk og filtreringseffektiviteten av nanopartiklar

- Sluttrapportering og vitenskapleg publisering

## 6. Definisjonar og forklaringar

### 6.1. Støv og aerosolfraksjonar

Ein **aerosol** er definert som eit kva som helst disperst system av væske- eller fast fase partiklar løyst i ein gass (J.H.Vincent, 1995). Med andre ord alle partiklar, i væske eller fast form som eksisterer i lufta (eller i ei anna gassblanding). Eksemplar på naturleg danna aerosolar er t.d. snøstorm, skya etter eit vulkansk utbrot, tåke, og vanlige skyer. Sopp, virus og bakteriar i luft blir også rekna som naturleg førekomande aerosolar, medan lufta i ein fabrikkhall vil være ein menneskeskapt aerosol.

Det som vert kalla **støv** er eigentlig definert som ein aerosol av berre faste partiklar som ved mekanisk nedbrytning har fått ein partikkelstorleik frå sub- $\mu\text{m}$  til  $100\mu\text{m}$  (JEM, 2005,7,411-415). Partiklar i væskefase inngår ikkje i det vi vanlegvis kallar støv til forskjell frå ein aerosol som kan innehalde både faste partiklar og partiklar i væskeform.

**Totalstøv** er eit omgrep som er innarbeida i sambande med arbeidsmiljømålingar. For mange er det noko som man måler med ein såkalla totalstøvkasset. Dette er kassetten som tradisjonelt blir brukt i dei fleste eksponeringsmålingane, også i aluminiumindustrien.

Denne kassetten har vore mye brukt og er framleis i bruk når ein skal gjere arbeidsmiljømålingar. Med totalstøv meiner ein ofte alt partikulært materiale som kan tenkast å haldast svevande i luft (luftborne partiklar). Mange typar prøvetakarar har vært konstruert for å samle opp totalstøv og nokre av dei er framleis i utstrakt bruk. Det har i ettertid vist seg at oppsamlingskarakteristikken til dei forskjellige prøvetakarane varierar mykje, noe som førte til ulike resultat av målingar utført i same atmosfære.

I mange land tilrår ein framleis at "totalstøv" skal fastsetjast som ein mål for eksponering. I dag er mange norske administrative normene basert på bruk av "totalstøvkassetten".

**PM<sub>10</sub>** - nyttast ofte i aerosolmålingar i det ytre miljøet og er definert som ein underfraksjon av totalaerosol. Den har ein 50 % "cut-off" ved  $d_{ae}=10\ \mu\text{m}$ . Prøvetakarane nytta til PM<sub>10</sub> -målingar er konstruert slik at de utelèt de fleste partiklar over  $10\ \mu\text{m}$ . Dette gjer at kurvene for PM<sub>10</sub> og torakal fraksjon er nesten identiske opp til  $10\ \mu\text{m}$ , men deretter marginalt forskjellige (JEM), 2005,7,411-415.

### 6.2. Helserelaterte aerosolfraksjonar

I starten av 1970-åra byrja ein å sjå på menneskehovudet som ein prøvetakar, og med det vart fokuset endra frå å sjå på alle partiklar som er i lufta til å sjå på dei partiklane som det er mogleg å puste inn (inhalere) gjennom nase og munn. Ut frå eksperiment vart det funne at inhalasjonseffektiviteten til ein partikkel kunne forklarast ut frå den aerodynamiske diameteren ( $d_{ae}$ ) til den individuelle partiklen. Desse arbeida kuliminerte i midten av 1990-talet med ei internasjonal eining om eit sett harmoniserte tilrådingar som involverte International Standards Organisation

(ISO), Comité Européen de Normalisation (CEN) og American Conference of Governmental Industrial Hygienists (ACGIH). Disse organisasjonane identifiserte tre kurvar som representerer helserelevante aerosolfraksjonar; kvar av kurvene definerer kva krav som skal stillast til oppsamlingseffektiviteten til ein luftprøvetakar som funksjon av aerodynamisk diameter for ein representativ arbeider. Desse tre fraksjonane er alle identifiserte med bakgrunn i aerosolfysikk og lungefysiologi. Fig. 6.1 viser oppsamlingseffektiviteten i prosent for dei ulike helserelevante aerosolfraksjonane. I fig. 6.2 er det gjeve ei skisse over kvar i luftvegane ein får avsett dei ulike aerosolfraksjonane.

### **6.2.1. Inhalerbar aerosol fraksjon ( $f_{inh}$ )**

Den fraksjonen/delen av den totale mengda partiklar i lufta (både faste og væske partiklar) som kjem inn i kroppen gjennom nase og/eller munn ved pusting. Den aerodynamiske diameteren er mindre eller lik  $100\ \mu\text{m}$ .

Denne fraksjonen er viktig for helseeffektar i alle stadar av respirasjonssystemet, som t.d. ved rhinitis, kreft i nase og lunge og andre luftvegslidingar.

### **6.2.2. Torakal aerosolfraksjon ( $f_{tor}$ )**


Denne fraksjonen inneheld partiklar som kan avsettast nedanfor strupehovudet (larynx) dvs. at dei trenger inn i den trakeobronkiale delen av lungene. Denne fraksjonen er viktig når det gjelde helseeffektar som astma, obstruktive lungelidingar (OLS og kroniske; KOLS), bronkitt og lungekreft. Partikkelstorleiken tilsvarer fraksjonen av den inhalerbar aerosolen som har eit 50 % "cut-off" ved ein aerodynamisk diameter på  $10\ \mu\text{m}$  og 1 % "cut-off" ved  $d_{ae} = 28\ \mu\text{m}$ .

### **6.2.3. Respirabel aerosolfraksjon ( $f_{res}$ )**

Denne fraksjonen inneheld dei partiklane som trenger inn i den alveolære delen av lungene, dvs. til bronkiar og alveolære blærer og kanalar. Fraksjonen er viktig ved t.d. utvikling av kroniske sjukdommar som emfysem og støvlungesjukdommar.

Partikkelstorleiken svarer til 50 % "cut-off" ved ein  $d_{ae} = 4\ \mu\text{m}$  og 1 % "cut-off" ved  $d_{ae} = 10\ \mu\text{m}$  for inhalerbar aerosol.

Torakal og respirabel aerosolfraksjon er begge underfraksjoner av den inhalerbare fraksjonen.




Figur 6.1. Kurver som viser respirabel- og torakal aerosolfraksjon som funksjon av aerodynamiske diameter, og som underfraksjon av inhalerbar fraksjon, NS-EN 481.

#### 6.2.4. Trakeobronkial aerosolfraksjon

Differansen mellom torakal og respirabel aerosolfraksjon. Filter nr. 2 i respiconprøvetakaren samler opp denne fraksjonen. Den består av partiklar som blir avsett nedanfor strupehovudet, men ikkje så langt ned som til den alveolære delen av lungene.

#### 6.2.5. Ekstratorakal aerosolfraksjon

Denne fraksjonen er differansen mellom inhalerbar og torakal aerosolfraksjon (blir samla opp av filter nr. 3 i respiconprøvetakaren). Dette er fraksjonen med den største partikkelstorleiken av den inhalerbare aerosolen og den avsettes derfor i dei øvre luftvegane (nase/munn).



**Figur 6.2: Skisse over luftvegane med plassering av dei ulike helserelaterte regionane av luftvegssystemet.**

Med utgangspunkt i desse kriteria tilrår mellom andre Direktoratet for arbeidstilsynet (2002) i si orientering; 450 "Kartlegging og vurdering av eksponering for kjemiske stoff og biologiske forurensingar i arbeidsatmosfære" at ein må ta omsyn til desse fraksjonane med tanke på vurdering av helsefare, og velje prøvetakingsutstyr som oppfyller krava til oppsamlingseffektivitet for dei ulike fraksjonane. Det er difor naturleg og føremålstenleg at ei grunnleggjande kartlegging av eksponeringshøva i elektrolysehallane i aluminiumindustrien fokuserar på alle desse tre helserelaterte aerosolfraksjonane.

## 7. Medverkande aluminiumverk

Aluminiumindustriens miljøsekretariat (AMS) er eit partsamansett samarbeidsorgan for nordiske primæraluminiumverk med 11 medlemsverk. I prosjektet har det vore gjort målingar ved 6 av dei 7 norske verka.

### 7.1. Elkem Aluminium Lista (EAL)

Verket har tre hallar, alle med søderbergteknologi. Felles for dei tre hallane er bruk av sekundærøksid og bruk av primærøksid berre i spesielle tilfeller.

Hall 1: Søderberg med punktmatning (også kalla ny Søderberg).

Hall 2: Søderberg med punktmatning. Forhøgd mantel på halve hallen.

Hall 3: Søderberg med punktmatning og anodetoppdeksel (anodeavsug). Eige reinseanlegg for anodegass.

Dei gjer yrkeshygieniske rutinemålingar på dei fleste av arbeidsoperasjonane.

### 7.2. Elkem Aluminium Mosjøen (EAM)

Verket har fire hallar, alle med prebaketeknologi. Felles for dei fire hallane er bruk av sekundærøksid. Har blitt ombygd frå Søderberg til prebake.

Der er yrkeshygieniske rutinemålingar av: omnspassar, boltetrekkar, tappar, avviksgruppe, målar/drift/service, brennarsotar, digelverkstadsoperatør, dagoperatør gassreins, gasskappeskiftar, katodeverkstad, støypeoperatør, massefabrikkoperatør, kranreparatør/revisjon.

### 7.3. Hydro Aluminium Karmøy (HAK)

Verket har seks hallar, to med søderbergteknologi og fire med prebaketeknologi. Felles for alle seks hallane er bruk av sekundærøksid.

Hall A/B: Søderberg med punktmatning

Hall C/D/E/F: Prebake

Der er rutine på arbeidsmiljømålingar av: cellepassar, køyretøyoperatør, anodeskifting, tapping, digelrom, anodetransport.

### 7.4. Hydro Aluminium Årdal (HAA)

Verket har fem hallar, to med søderbergteknologi og tre med prebaketeknologi. I prebakehallane blir det brukt sekundærøksid, medan ein i Søderberghallane nyttar primærøksid.

Hall A/B/C: Prebake

Hall E/F: Søderberg med punktmatning

Der er rutine på arbeidsmiljømålingar av: cellepassar, køyretøyoperatør, anodeskifting, tapping, digelrom, anodetransport.

## 7.5. Hydro Aluminium Høyanger (HAH)

Verket har to hallar, ein med Søderberg- og ein med prebaketeknologi. I prebakehallen brukar dei sekundærøksid medan primærøksid i Søderberghallen.

Hall A: Prebake  
Hall C: Søderberg med punktmating/knivmating

Der er rutine på arbeidsmiljømålingar av: kranførar, golvarbeidar, truckførar, tappar, feiar, driftsmålar, brikettkøyrar, omnspassar, boltetrekkar, oksidkøyrar.

## 7.6. Sør-Norge Aluminium (SØRAL)

Verket har to hallar, begge med prebaketeknologi. Det blir nytta sekundærøksid.

Det blir utført regelmessige arbeidsmiljømålingar på: Omnspassar, kolskiftar, koordinator, RR-operatør, arbeidsleiar, stampar.

# 8. Prøvetaking

## 8.1. Prøvetakingsstrategi

Etter protokollen skulle ein ta prøver på 10 personar på kvart skift. Det skulle gjerast målingar ved formiddags- og ettermiddagsskifta i 5 påfølgjande dagar for kvar hall. Dette gjer at ein teoretisk skulle kunne måle:

1 000 aerosolprøver med Respicon, der 50 er tidsoppløyste målingar med Respicon  
1 000 inhalerbare aerosolprøver med IOM  
100 respirable aerosolprøver med respirabel sykklon  
100 torakale aerosolprøver med torakal sykklon  
1 000 SO<sub>2</sub> prøver på filter  
1 000 HF prøver på filter  
600 SO<sub>2</sub> prøver med tidsoppløyst signal med dataloggar  
300 NO<sub>2</sub> prøver med tidsoppløyst signal med dataloggar



## 8.2. Aerosolprøvetakarar

### 8.2.1. IOM


IOM-prøvetakaren er utvikla ved Institute of Occupational Medicine i Edinburg og er konstruert som ein personlig prøvetakar for inhalerbar aerosol (Mark og Vincent, 1986). Den nyttar 25 mm filter og skal ha ein luftgjennomstrømmingsfart på 2 L/min. Testing i vindtunnel og i felt har vist at den fylgjer kurva for inhalerbar aerosol vist i figur 6.1. Ulempa med denne prøvetakaren er at den er noe utsett for sprut/punktstøving, kjensleg for vindretning og vindhastighet over et visst nivå, og den måler berre den inhalerbare aerosolfraksjonen.



Figur 8.1. Ein arbeidstakar påmontert utstyr

### 8.2.2. Respicon™ virtuell impaktor

Prøvetakaren samlar opp aerosol på tre filter med diameter på 37 mm, som gjer det mogeleg å fastsetje dei helserelevante (respirable, torakale og inhalerbare) aerosolfraksjonane. Total luftstraum gjennom prøvetakaren skal vere 3,11 L/min, og ulik luftstraum gjennom kvart filtersteg og utforming av impaktoren gjer at aerosol med kjent aerodynamisk diameter blir samla opp på dei ulike filtra. Respirabel aerosol blir samla opp på filter 1, trakeobronkial på filter 2 og ekstratorakal fraksjon på filter 3. Respicon (fig. 8.2) er testa ut som ein stasjonær prøvetakar til å fylgje kriteria for inhalerbar aerosol (Li et al., 2000). Det er vist i t.d. nikkelindustrien på Kola (Russland) at Respicon kan nyttast som



Figur 8.2. Respiconprøvetakar

ein personleg prøvetakar dersom ein brukar ein korreksjonsfaktor for den ekstratorakale fraksjonen (Koch, et al., 2002). Ein slik korreksjonsfaktor må etablerast for den spesifikke industrien, fordi fordelinga mellom dei ulike partikkelstorleikane kan vere forskjellig mellom ulike industriar. Prosjektet må derfor ta parallelle prøver med Respicon og IOM for å finne ein riktig korreksjonsfaktor for aluminiumindustrien.

### **8.2.3. Respirabel og torakal syklon**

Syklonar er ein annen type prøvetakingsutstyr som baserer seg på å dele aerosolen i forskjellige partikkelstorleik ved hjelp av sentrifugalkrefter i motsetning til de fleste andre prøvetakarar som nyttar gravitasjonskrafta. To typar syklonar er nytta . Den eine er berekna for respirabel aerosolfraksjon (SKC, UK) med et filter på 25 mm og ein luftgjennomstrømningsfart på 2,2 L/min. Den andre for torakal aerosolfraksjon (BGI, USA) har et filter på 37 mm og luftgjennomstrømningsfart på 1,6 L/min. Syklonar har vært mye brukt og oppsamlingseffektivitet er vel dokumentert (Vincent, 2007), men ulempa er at for kvar fraksjon man ynskjer å undersøke, trenger man ein syklon med egen pumpe. Resultata frå syklonane skal samanliknast med tilsvarende fraksjon frå Respicon for å sjå om det er samanheng mellom prøvetakarane i denne type industri.

### **8.2.4. Direktevisande Respicon og Split 2**

Split 2 er ein direktevisande dataloggar for aerosolar med måleområde 0,01 til 200 mg/m<sup>3</sup> for aerosol med diameter mellom 0,1 og 100 µm basert på IOM-prøvetakaren. Med dataloggaren er det mogeleg å logge opp til 21500 datapunkt før data må lastast ned på ein PC. Fastsetjingsprinsippet for aerosol er måling av lysspreiing av infraraud stråling. Strålingskjelda er retta 90 grader på ein fotodetektor, og når den infraraude strålen treff aerosolen, vil dette føre til lysspreiing. Saman med den gravimetrisk analysen får ein aerosolkonsentrasjon i mg/m<sup>3</sup>. Luftstraumen gjennom prøvetakaren skal vere 2,0 L/min.

I den direktevisende respiconprøvetakaren er det tre fotodetektorar for fastsetjing av aerosol. Saman med gravimetrisk fastsetjingar får ein gjort om detektorsignalet til partikulære konsentrasjonar i mg/m<sup>3</sup>. Måleområdet for impaktoren er opp til 200 mg/m<sup>3</sup> for kvar fotodetektor. Saman med prøvetakaren er det ein dataloggar for lagring av data. Dataloggaren må skjermast for elektromagnetisk stråling med ein jernboks.

Tidoppløyste målingar ble brukt til å skaffe informasjon om toppeksposering og identifisering av partikulære forureiningskjelder samt å estimere eksponering ved spesifikke arbeidsoperasjonar. Det var derfor viktig å fylgje opp arbeidstakarane med skjema med tidspunkt og arbeidsoppgåve.

## 8.3. Gassprøvetakarar

### 8.3.1. Gassensorar

Direktevisande gassensorar er nyttige hjelpemiddel til å sjå på toppeksponeering for SO<sub>2</sub>. Så lenge ein brukbar direktevisande HF-sensor ikkje er utvikla, er den informasjonen ein får om fluorid i gassform, basert på kumulativ eksponering, midla over prøvetakingstida. Ein direktevisande HF sensor med datalogging vart prøvd ut, men den var ikkje god nok for denne industrien.

NO<sub>2</sub> kunne ein tenkje seg blir danna ved bluss. Det vart derfor teke NO<sub>2</sub>-prøver parallelt med SO<sub>2</sub>-prøvene.

Direktevisande gassmålingar av SO<sub>2</sub> og NO<sub>2</sub> vart utført med Dräger Pac III (Dräger Aktiengesellschaft, Lübeck, Tyskland) og Neotox-XL (Neotronics Limited, Takeley, UK) gassensorar. HF-sensoren som vart prøvd ut, var ein Gasman II (Crowcon Ltd., UK). Gassdeteksjonen er basert på diffusjon av gass gjennom ein membran inn til ein elektrokjemisk sensor. Gasskonsentrasjonen vart registret kontinuerleg som funksjon av tid og lagra ved hjelp av ein innebygd dataloggar. Lagringsintervalla var kvart 10. sekund. Oppløysinga var på 0,1 ppm og ei fastsetjingsgrense på 0,2 ppm. Sensorane vart kalibrert med kjent gasskonsentrasjon mellom prøvetakingane på kvart verk.

### 8.3.2. Gassfilter

HF og andre sure fluoridgassar vart samla opp på impregnerte gassfilter fordi det til no ikkje har eksistert nokon god direktevisande berbar sensor for HF.

**Tabell 8.1: Oversikt over prøvetakingsutstyr som vart nytta til dei ulike aerosolfraksjonane**

Tilgjengeleg prøvetakingsutstyr	Helserelevante aerosolfraksjonar (jf. Fig. 6.1)/gass					Gassar		
	Respirabel	Trakeo-bronkial	Ekstratorakal	Torakal	Inhalerbar	NO <sub>2</sub>	SO <sub>2</sub>	HF
IOM	-	-	-	-	X	-	-	-
Respicon®	X	X	X	X <sup>#</sup>	X <sup>#</sup>	-	-	-
Syklon	X <sup>*</sup>	-	-	X <sup>*</sup>	-	-	-	-
Millipore kassett med impregnerte støtteplater	-	-	-	-	-	-	X	X
Direktevisande gass sensorar,	-	-	-	-	-	X	X	X
- Dräger	-	-	-	-	-	X	X	-
- Neotox	-	-	-	-	-	X	X	-
- Gasman II	-	-	-	-	-	-	-	X <sup>†</sup>

<sup>#</sup> Vert utrekna frå dei andre fraksjonane

<sup>\*</sup> Anten respirabel eller torakal fraksjon

<sup>†</sup> Ny HF- sensor vart prøvd ut

## 9. Prøver samla med dei ulike prøvetakarane

I tabellane 9.1 - 9.7 er det gjeve ein oversikt over talet på prøver fordelt på verk og arbeidsfunksjon som var blitt utført. Innhaldet i dei ulike arbeidsoperasjonane varierer mellom dei ulike verka. Ein meir detaljert oversikt er gjeve i rapportane til dei einiskilde verka.

**Tabell 9.1: Oversikt over talet på prøver tatt ved Elkem Aluminium Lista i januar 2003.**

	Respicon	IOM	Syklon (torakal)	Syklon (respirabel)	Gass (HF/SO <sub>2</sub> )	Sensor (SO <sub>2</sub> )
Omnspassar	58	24	6	5	24	31
Måler	11	6	-	1	6	9
Tapper	21	9	1	1	9	13
Gasskappeskiftar	12	8	1	1	8	6
Avvik	31	6	4	-	6	16
Boltetrekkar	8	6	1	2	7	3
Digelverkstad	6	5	-	2	5	2
Totalt	147	64	13	11	65	80

**Tabell 9.2: Oversikt over talet på prøver tatt ved Elkem Aluminium Lista i mars 2004.**

	Respicon	IOM	Syklon (torakal)	Syklon (respirabel)	Gass (HF/SO <sub>2</sub> )	Sensor (SO <sub>2</sub> )
Omnspassar	31	30	11	2	31	16
Måler	12	12	4	2	12	5
Tapper	13	12	2	1	11	6
Gasskappeskiftar	12	12	3	1	11	9
Avvik	17	17	3	3	17	8
Boltetrekkar	9	9	2	-	9	4
Digelverkstad	4	3	1	-	3	4
Totalt	98	96	26	9	94	52

**Tabell 9.3: Oversikt over talet på prøver tatt ved Elkem Aluminium Mosjøen i februar 2003.**

	Respicon	IOM	Syklon (torakal)	Syklon (respirabel)	Gass (HF/SO <sub>2</sub> )	Sensor (SO <sub>2</sub> )
Omnspassar	37	33	2	3	33	21
Anodeskift	37	31	6	3	31	22
Tapper	16	14	1	2	14	12
Digelrens	10	8	1	1	9	5
Totalt	100	86	10	9	87	60

**Tabell 9.4: Oversikt over talet på prøver tatt ved Hydro Aluminium Karmøy i mars/april 2003.**

	Respicon	IOM	Syklon (respirabel)	Gass (HF/SO <sub>2</sub> )	Sensor (SO <sub>2</sub> )
Anodeskiftar	77	53	5	53	52
Digelrens	10	9	1	9	3
Omnspassar	46	44	6	43	36
Gasskappeskiftar	9	6	2	6	6
Oksidkøyrar	20	20	1	20	5
Badtappar	10	9	1	9	6
Tapper (Begge haller)	28	26	2	26	9
<b>Totalt</b>	<b>200</b>	<b>167</b>	<b>18</b>	<b>166</b>	<b>117</b>

**Tabell 9.5: Oversikt over talet på prøver tatt ved Hydro Aluminium Årdal i september 2003.**

	Respicon	IOM	Syklon (torakal)	Syklon (respirabel)	Gass (HF/SO <sub>2</sub> )	Sensor (SO <sub>2</sub> )
Anodeskift	27	24	8	3	24	22
Omnspassar	40	32	8	4	31	26
Boltetrekkar	10	10	3	1	9	8
Stell/Avvik	30	24	4	1	23	18
Bluss/Miljø	20	20	5	2	20	13
Gassbrenner	10	8	3	2	6	8
Oksidkøyrar (Begge haller)	19	18	6	2	16	8
Tapper (Begge haller)	36	32	5	1	32	15
<b>Totalt</b>	<b>192</b>	<b>168</b>	<b>42</b>	<b>16</b>	<b>161</b>	<b>118</b>

**Tabell 9.6: Oversikt over talet på prøver tatt ved Hydro Aluminium Høyanger i oktober 2003.**

	Respicon	IOM	Syklon (torakal)	Syklon (respirabel)	Gass (HF/SO <sub>2</sub> )	Sensor (SO <sub>2</sub> )
Anodeskift	49	47	15	6	47	40
Kryssing	2	2	2	-	2	1
Feiar	5	5	2	1	5	3
Celleoperatør	35	35	10	3	35	22
Gasskappeskiftar	4	4	1	1	4	4
Måler	14	14	4	1	14	9
Oksidkøyrar	10	10	3	1	10	5
Boltetrekkar	15	14	3	1	14	7
Gassbrenner	8	8	1	1	8	8
Digelrens	6	6	2	-	6	3
Anoderens	11	11	5	1	11	1
Tapper (Begge haller)	34	33	10	2	33	15
Anodemontasje	2	2	-	-	2	-
<b>Totalt</b>	<b>195</b>	<b>191</b>	<b>55</b>	<b>18</b>	<b>191</b>	<b>118</b>

**Tabell 9.7: Oversikt over talet på prøver tatt ved Sør-Norge Aluminium, Husnes i mars 2003.**

	Respicon	IOM	Syklon (torakal)	Syklon (respirabel)	Gass (HF/SO <sub>2</sub> )	Sensor (SO <sub>2</sub> )
Anodeskift	41	38	4	1	38	26
Tapper	19	17	1	3	17	9
Omnspassar	35	32	3	2	31	23
Digelrens	5	5	2	1	4	2
Totalt	100	92	10	7	90	60

## 10. Analysemetodar

### 10.1. Gravimetri

Fastsetjing av masser på filter vart gjort med Sartorius MC5 og Sartorius 210P vektor, ved veging av filter før og etter eksponering. Arbeidet vart utført i STAMI sitt klimatiserte vegeom (20±1 °C, 40±2 % RH). Nedre fastsetjingsgrense var 0,08-0,4 mg/filter for Respicon(PVC-filter) og 0,01-0,08 og 0,04-0,09 mg/filter for høvesvis respirabel syklon og torakal syklon. For IOM-kassett med CA-filter var nedre fastsetjingsgrense 0,2-2 mg/filter.

Resultat for Respiconprøver vart utrekna etter formlane i brukarretteiinga (Hund, 2000) og kan sjåast i saman med Respiconprøvetakaren vist i figur 8.2:

$$C_{RESPIRABEL} = \frac{m_1 \cdot 1000}{Q_1 \cdot t_s}$$

$$C_{TORAKAL} = \frac{(m_1 + m_2) \cdot 1000}{((Q_1 + Q_2) \cdot t_s)}$$

$$C_{INHALERBAR} = \frac{(m_1 + m_2 + m_3) \cdot 1000}{((Q_1 + Q_2 + Q_3) \cdot t_s)}$$

$m_1$  = masse på filter 1 (respirabel aerosol),  $m_2$  = masse på filter 2 (trakeobronkial aerosol),  $m_3$  = masse på filter 3 (ekstratorakal aerosol)

$Q_1$  = 2,66 L/min (flow gjennom filter 1),  $Q_2$  = 0,33 L/min (flow gjennom filter 2),  $Q_3$  = 0,11 L/min (flow gjennom filter 3),

$t_s$  = prøvetakingstid i min

$$C_{INHALERBAR} = C_{TORAKAL} - C_{RESPIRABEL}$$

$$C_{EKSTRATORAKAL} = C_{INHALERBAR} - C_{TORAKAL}$$

## 10.2. Fastsetjing av fluorid

### 10.2.1. Vassløyseleg fluorid

Vassløyseleg fluorid er definert som den delen av fluorid i aerosolen som løyer seg i ionebytta vatn ved henstand i 90 min. ved romtemperatur. Fluorid ekstraherast frå eksponerte aerosolfilter ved bruk av sentrifugerøyr med volum på 50 mL (Alltech Maxi-Spin™ Filter Tube, art. nr. 100506, Deerfield, USA). Røra var av polypropylen og hadde ein filterinnsats med nylon membran (porestorleik 0,2 µm). Aerosolfiltra vart overført til filterinnsatsen, tilsett 150 µL bromid (Spectrascan®, 1000 mg/L, Teknolab A/S) som intern standard og 9,85 ml ionebytta vann. Alt ble godt ristet og satt til henstand i 90 minutt ved 20 °C før sentrifugering i 10 minutt ved 3000 omdreingar pr. minutt (RPM) .

Fluorid i eluatet vart fastsett ved ionekromatografi.

Nedre fastsetjingsgrense var 5 µg/filter for Respicon og IOM, 4 µg/filter for torakal sykklon og 7 µg/filter for respirabel sykklon.

Utrekning av vassløyseleg fluorid i dei helserealterte aerosolfraksjonane vart utført på same måte som for massane på filtra.

### 10.2.2. Lutløyseleg fluorid

Etter eluering med vatn vart aerosolfilter og filterinnsats overført til eit nytt sentrifugerøyr, tilsatt 5 mL 0,5 M KOH-løysning og 225 µL fosfat (PO<sub>4</sub><sup>3-</sup>), (Spectrascan®, 1000 mg/L, Teknolab A/S) som intern standard. Etter oppvarming på vassbad i mikrobølgjeomn på 75 °C i 90 min, vart røyra sentrifugert og eluatet fortynna til 15 mL med ionebytta vatn (>17,8 MΩ). Fastsetjing av fluoridnivå vart gjort med ionekromatografi. Nedre fastsetjingsgrense for lutløyseleg fluorid var 20 µg/filter.

Forsøk utført ved STAMI ved hjelp av scanningelektronmikroskop utstyrt med ein energidispersibel røntgen fluorescensdetektor har vist at etter behandlinga med 0,5 M KOH inneheldt ikkje filteret detekterbare mengder fluorid. Av dette har ein grunn til å hevde at summen av vassløyseleg fluorid og fluorid ekstrahert med 0,5 M KOH utgjør total mengde partikulært fluorid i prøvene.

### 10.2.3. Partikulært fluorid

Partikulært fluorid er definert som summen av vassløyseleg og lutløyseleg fluorid.

### 10.2.4. Fluorid i gassform (HF) og SO<sub>2</sub>

Impregnerte gassfilter (10 % (w/v) KOH-løysning) ble overført til 15 mL polypropylen reagensrøyr (Sarstedt, art. nr. 62.554.001, Nümbrecht, Tyskland), tilsatt intern standard (bromid, Br<sup>-</sup>) og ekstrahert med 10 mL 0,5 % (v/v) H<sub>2</sub>O<sub>2</sub>-løysning. Ved prøvetaking på denne typen gassfilter vil svoveldioksid kunne reagere til sulfat eller til sulfitt. Den svake hydrogenperoksid-løysninga vart brukt for å omdanne eventuell sulfitt til sulfat. Etter henstand i 2 timar vart fastsetjinga utført ved bruk av ionekromatografi. Prøveresultata frå ionekromatografen vart så omrekna frå fluorid (F<sup>-</sup>) til hydrogenfluorid (HF) og frå sulfat (SO<sub>4</sub><sup>2-</sup>) til svoveldioksid (SO<sub>2</sub>). Nedre fastsetjingsgrenser var 1,0-16 µg/filter F<sup>-</sup> og 4,1-12 µg/filter SO<sub>4</sub><sup>2-</sup>.

### 10.2.5. Totalfluorid

Totalfluorid i denne rapporten er ikkje det same som og kan ikkje samanliknast med totalfluorid nytta tidlegare i aluminiumindustrien.

I denne rapporten definerast totalfluorid som summen av partikulær inhalerbar fluorid målt med Respicon og fluorid i gassfase frå HF-filter. Sidan ein måler partikulært fluorid med respiconprøvetakaren, kan ikkje resultata direkte samanliknast med den tradisjonelle metoden for å måle partikulært fluorid ("totalstøvkasset" med gassfilter). Respiconprøvetakaren har eit karakteristikum som gjer at den skal fylgje kurven for inhalerbar aerosol, medan totalstøvkassetten er uspesifikk. Ein forventar derfor noko høgare verdiar for partikulært fluorid målt med respiconprøvetakaren enn dersom ein måler med "totalstøvkassetten".

## 11. Instrumentering

Analysane ble utført ved ionekromatografi med utstyr samansatt av ein Dionex DX-500 ionekromatograf (Dionex, Sunnyvale, CA, USA) utstyrt med ei gradientpumpe (GP40) og ein elektrokjemisk detektor (ED 40) med konduktivitetsselle. Til instrumentet er det kopla ein prøveinjektor (Gilson<sup>®</sup> 231 XL, Villiers-le-Bel, Frankrike) med ein prøvekapasitet på 80 prøver og eit prøveinnføringsvolum på 25 µL eller 10 µL. IonPac AS14A analytisk kolonne (250 X 4 mm) med IonPac AG14A førkolonne (50 X 4 mm) ble nytta. Instrumentet er også utstyrt med ein sjølvregenererande suppressor (Dionex ASRS-II, 4 mm). Styring av instrumentet, dataregistrering og omarbeiding av rådata vart utført med dataprogrammet Chromeleon<sup>™</sup>, versjon 6.40. Eluentløysingane var 8,0 mM Na<sub>2</sub>CO<sub>3</sub> / 1,0 mM NaHCO<sub>3</sub> med ein eluenthastighet på 1,0 mL/min. Ved tillaging vart eluentløysinga plassert på ultralydbad i 10 minutt for å fjerne oppløyst oksygen.

Kalibreringsløysingar vart laga ved å fortynne sertifiserte standardar levert av Teknolab A/S (Spectrascan<sup>®</sup>, 1000 mg/L) med ionebytta vann.

## 12. Kvalitetssikring

For å kvalitetssikre analyseresultata, vart eigne tillaga referansefilter med kjent analyttverdi av fluorid og sulfat analysert på tilsvarende måte som de reelle prøvene. Referansefilter vart analysert kvar analysedag og på den måten sikra korrekte analyseresultat.

## 13. Resultat og diskusjon

Resultata representerer konsentrasjonar av eksponeringsmålingane utført i dei gjevne tidsromma. Det er ikkje gjort nokon korreksjon av eksponeringsdata av prosesteteknisk art eller for ulike produksjonsparametrar. Luftkonsentrasjonane baserer seg på faktisk prøvetakingstid, den er ikkje normalisert til 8 timar. For verdiar lågare enn den nedre fastsetjingsgrensa (DL) er det nytta ½ DL.

I tabell 13.1 er det gjeve ei oppsummering av alle resultat frå prosjektet, til saman 1037 skiftmålingar vart utført.



**Tabell 13.1 Oppsummering av alle resultatene i  $\mu\text{g}/\text{m}^3$ , N er talet på prøver, GM er den geometriske middelverdien, Min er den lågaste verdien og Maks er den høgste verdien,**


	N	GM	Min	Maks
Inhalerbar aerosol målt med IOM	864	2800	200	119000
Inhalerbart vassløyseleg fluorid målt med IOM	857	150	3	1300
Respirabel aerosol målt med Respicon	1032	390	36	6900
Torakal aerosol målt med Respicon	1031	810	65	18000
Inhalerbar aerosol målt med Respicon	1029	2500	130	66000
Respirabelt vassløyseleg fluorid målt med Respicon	1029	33	1,8	320
Torakalt vassløyseleg fluorid målt med Respicon	1030	61	3,4	670
Inhalerbart vassløyseleg fluorid målt med Respicon	1030	130	5,1	1400
Respirabelt lutløyseleg fluorid målt med Respicon	1027	25	3,2	740
Torakalt lutløyseleg fluorid målt med Respicon	1027	56	13	4000
Inhalerbart lutløyseleg fluorid målt med Respicon	1024	170	20	12000
Respirabelt partikulært fluorid målt med Respicon	1027	62	10	800
Torakalt partikulært fluorid målt med Respicon	1027	120	18	4600
Inhalerbart partikulært fluorid målt med Respicon	1024	310	28	12000
HF på impregnerte filter	854	71	1,4	960
Totalfluorid (Respicon, Inhalerbart partikulært fluorid + gassformig fluorid)	837	410	40	12000
Respirabel aerosol målt med respirabel sykklon	88	380	44	4100
Respirabelt vassløyseleg fluorid målt med respirabel sykklon	88	39	3,7	330
Respirabelt lutløyseleg fluorid målt med respirabel sykklon	88	23	5,0	230
Torakal aerosol målt med torakal sykklon	156	430	48	2700
Torakalt vassløyseleg fluorid målt med torakal sykklon	156	46	3,6	400
Torakalt lutløyseleg fluorid målt med torakal sykklon	156	22	5,9	270
SO <sub>2</sub> på impregnerte filter	854	100	1,9	2400

### 13.1. Fastsetjing av helsereelatert aerosol fraksjonar med ulike prøvetakarar

Eksponeringa til kvar person er samstundes blitt målt med minimum to prøvetakarar for dei helsereelatert aerosolfraksjonane. Nedanfor fyljer resultatene for prøvetakarane og ei samanlikning av prøvetakarane Respicon og IOM.


#### 13.1.1. Respicon og IOM

Det er i denne samanstillinga av resultatene brukt ein korreksjonsfaktor på 1,0 for dei ekstratorakale fraksjonane slik manualen for Respicon foreslår.




**Figur 13.1: Geometrisk middelverdi (GM) med 95 % konfidensintervall for dei ulike aerosolfraksjonane for Respicon og for IOM.**

Den geometriske middelverdien for inhalerbar aerosol målt med IOM varierar frå 1 000  $\mu\text{g}/\text{m}^3$  til 4 700  $\mu\text{g}/\text{m}^3$  avhengig av verk. Når ein målte den same aerosolfraksjonen med Respicon, er verdien lågare, truleg fordi Respicon ikkje har god nok oppsamlingseffektivitet for den grovaste delen av den inhalerbare aerosolen (den ekstratorakale fraksjonen). Dette kan det korrigerast for, noko som ikkje blir gjort i denne rapporten. Den inhalerbare aerosolfraksjonen varierer i geometrisk middelverdi frå 1300  $\mu\text{g}/\text{m}^3$  til 4000  $\mu\text{g}/\text{m}^3$  når ein nyttar Respicon som prøvetakar.




**Figur 13.2: Geometrisk middelverdi (GM) med 95 % konfidensintervall for vassløyslege fluorid av dei ulike aerosolfraksjonane for Respicon og IOM.**

I fig. 13.2 er det sett på det vassløyslege fluoridet målt for dei helse-relaterte aerosolfraksjonane med Respicon og den inhalerbare aerosolfraksjonen med IOM. Ved ei samanlikning av dei to inhalerbare målinga (Respicon og IOM) har ein same trend som for massen av aerosolen, at verdiane med Respicon er noko lågare enn verdiane frå IOM-prøvetakaren.



**Figur 13.3: Geometrisk middelværdi (GM) med 95 % konfidensintervall for partikulært fluorid fordelt på dei ulike aerosolfraksjonane frå Respicon.**

I fig. 13.3 er fordelinga av det partikulære inhalerbare fluoridet på dei ulike helse-relaterte aerosolfraksjonane gjeve. Sjølv om dei prosentvise fordelingane mellom dei ulike helse-relaterte aerosolfraksjonane er relativt lik, er det store skilnader mellom verka i nivået av eksponeringa.



**Figur 13.4: Geometrisk middelværdi (GM) med 95 % konfidensintervall for totalfluorid; summen av gassformig fluorid (målt med gassfilter) og inhalerbart partikulært fluorid (målt med Respicon).**


Frå fig. 13.4 har ein den totale eksponeringa for fluorid ved dei ulike verka. Totalfluoridet er summen av inhalerbart partikulær fluorid målt med Respicon og gassformig fluorid samla opp på impregnert filter.

Både den inhalerbare aerosolfraksjonen (summen av respirabel, trakeobronkial og ekstratorakal fraksjon frå Respicon), den torakale aerosolfraksjonen (summen av respirabel og trakeobronkial fraksjon frå Respicon) og den respirable

aerosolfraksjonen for alle verka har stor variasjon i resultatata, både mellom verka og også mellom jobbkategoriene innanfor det same verket. Den geometriske middelvarden for den inhalerbare aerosolen varierer for arbeidarar i prebakehallane frå 1400  $\mu\text{g}/\text{m}^3$  til 7800  $\mu\text{g}/\text{m}^3$ .


Spreiinga i totalfluoridresultata er stor. Nokre arbeidsstadar har lita spreiging medan andre har stor spreiging.

Av dei eksponeringane som var fastsett, er det den totale fluorideksponeringa som skil seg ut som den største utfordringa. Resultata for HF viser at mengdene er små samanlikna med mengda partikulært fluorid. Største bidraget til fluorideksponering kjem derfor frå dei partikulære fluoridfraksjonane og ikkje frå gass.




**Figur 13.5: Prosentfordeling av aerosol for dei helsesrelaterte fraksjonane målt med Respicon (med korreksjonsfaktor 1.0 for den ekstratorakale fraksjonen).**

Av figur 13.5 ser ein at for alle verk er meir enn 60 % av den inhalerbare aerosolmassen å finne i den grovaste delen av den inhalerbare aerosolen, altså den ekstratorakale fraksjonen. Det er dermed slik at størstedelen av aerosolen som ein pustar inn ved arbeid utan vernemaske i aluminiumindustrien, blir avsett i dei øvre luftvegane. Fordelinga viser også at under 40 % av den inhalerbare aerosolen passerar forbi stupehovudet (torakal aerosolfraksjon).



**Figur 13.6: Prosentvis fordeling av vassløseleg fluorid i den vassløselege inhalerbare aerosolfraksjonen.**


Av fluoridmengda funnet i vassekstrakta (figur 13.6) kjem opp mot 70 % frå dei trakeobronkiale og respirable fraksjonane (den torakale aerosolfraksjonen). Saman med aerosolfordelinga blir det at mesteparten (70 %) av den vassløselige fluoridet kjem frå 40 % av den inhalerbare aerosolmassen.



**Figur 13.7: Prosentvis fordeling av lutløseleg fluorid i den inhalerbare lutløselege aerosolfraksjonen.**

Ved å sjå på det lutløseleg fluoridet (figur 13.7) går det fram at største delen lutløseleg fluorid er i den ekstratorakale fraksjonen.

Saman med den prosentvise fordeling av vassløselege fluorid får ein at vassløselig fluorid kjem frå den finare aerosolen (den torakale), medan det blir løyst ut meir lutløseleg fluorid frå dei større partiklane. Denne fordelinga mellom vassløseleg og lutløseleg fluorid kan indikere kjelda til eksponeringa.




**Figur 13.8: Del (i %) partikulært fluorid av aerosol for dei ulike helserelaterte aerosolfraksjonane.**


Vassløseleg og lutløseleg fluorid summerast til det vi kallar partikulært fluorid. Ei samanlikning av fordelinga av partikulært fluorid mot dei ulike helserelaterte aerosolfraksjonane blir vist i figur 13.8. Det denne figuren viser er at dess mindre partiklane er, dess større del av massen er fluorid. Den prosentvise fordelinga varierer mellom dei ulike verka og mellom dei ulike helserelaterte aerosolfraksjonane.

### 13.1.2. Gassar

Einskildverdiane av HF- og SO<sub>2</sub> – målingane er vist i figurane 13.9 og 13.10. Resultata viser stor spreing innanfor gruppene, men likevel moderate geometriske gjennomsnittsnivå. Når det gjeld einiskildverdiar, er det verdiar som klart skil seg ut som høge. Det er viktig å presisere at oppdelinga er gjort med omsyn på arbeidsstadane; prebake, Søderberg, digelverkstad, tappar (uavhengig om tappinga blir gjort i prebake- eller Søderberghall) og anodereins.



Figur 13.9: Alle dei målte HF-konsentrasjonane (i  $\mu\text{g}/\text{m}^3$ ) fordelt på verk og jobbkategori. Tala i figuren viser geometriske middelværdiar for dei ulike kategoriane



Figur 13.10: Alle dei målte  $\text{SO}_2$ -konsentrasjonar (i  $\mu\text{g}/\text{m}^3$ ) fordelt på verk og jobbkategori. Tala i figuren viser geometriske middelværdir for dei ulike kategoriane



Det er viktig å presisere at oppdelinga i tabell 13.2 er gjort med omsyn på arbeidsstadane; prebake, Søderberg, digelverkstad, tappar (uavhengig om tappinga blir gjort i prebake- eller Søderberghall) og anodereins.

**Tabell:13.2: Oversikt over nokre av komponentane der arbeidsstadane har signifikant\* forskjellig GM**

Komponent	Signifikant forskjellige arbeidsstadar
IOM, inhalerbar aerosol	Prebake og Søderberg
	Prebake og Tappar
Respicon, inhalerbar aerosol	Prebake og Søderberg
	Prebake og Anode
	Prebake og Digelreins
	Prebake og Tappar
Respicon, torakal aerosol	Prebake og Søderberg
	Prebake og Tappar
Respicon, respirabel aerosol	Prebake og Søderberg
Vassløyeseleg fluorid frå IOM	Prebake og Søderberg
	Prebake og Tappar
	Søderberg og Anode
	Søderberg og Digelreins
	Søderberg og Tappar
	Digelreins og Tappar
Respicon, vassløyeseleg inhalerbart fluorid	Prebake og Søderberg
	Prebake og Anode
	Prebake og Tappar
	Søderberg og Digelreins
	Søderberg og Tappar
	Anode og Digelreins
	Digelreins og Tappar
Respicon, vassløyeseleg torakalt fluorid	Prebake og Søderberg
	Prebake og Anode
	Prebake og Tappar
	Søderberg og Tappar
	Søderberg og Digelreins
	Anode og Digelreins
	Digelreins og Tappar
Respicon, vassløyeseleg respirabelt fluorid	Prebake og Søderberg
	Prebake og Anode
	Søderberg og Digelreins
	Søderberg og Tappar
	Anode og Digelreins
HF	Prebake og Søderberg
	Prebake og Anode
	Prebake og Digelreins
	Prebake og Tappar
	Søderberg og Anode
	Søderberg og Digelreins
	Søderberg og Tappar
	Anode og Tappar
	Anode og Digelreins
	Digelreins og Tappar
Totalfluorid	Prebake og Søderberg
	Prebake og Anode
	Prebake og Tappar
	Søderberg og Digelreins
	Søderberg og Tappar

\*signifikant forskjellige med  $p < 0,05$

### 13.2. Samanlikning av ulike prøvetakar

Koch et al. (2002) viser at med ein stasjonær prøvetakar på ein mannekeng kan høvet mellom IOM og Respicon gje ein korreksjonsfaktor for den ekstratorakale fraksjonen opp mot 1,8 dersom aerosolen berre inneheld ekstratorakale partikkelstorleikar. I feltforsøk vil forskjellen kunne vere større.

For å kunne samanlikne dei to prøvetakarane for inhalerbar aerosol bør visse kriterium oppfyllest;


- i) at prøvetakinga har vore gjort i same tidsrom. Vi har valt å aktesepere maksimalt 10 % forskjell i prøvetakingstid mellom dei to prøvetakarane. Dette kriteriet reduserer talet på parallelle par frå 855 til 761.
- ii) Alle verdiar ved ei slik samanlikning skal være større enn nedre fastsetjingsgrense for både IOM eller Respicon. Dette reduserte talet på par til 658.
- iii) Etter Tsai et al. (1995), er det brukt kriterium for å ikkje ta med verdiar der det truleg har vore noko i vegen med anten IOM-prøva eller Respicon-prøva, at høvet mellom dei to prøvetakarane ikkje er truleg statistisk. Kriteriet utelet IOM-Respicon par etter formelen:

$$7 \geq \text{IOM/Respicon} \geq 2/3$$

Vi har valt å bruke eit strengare kriterium:

$$3 \geq \text{IOM/Respicon} \geq 2/3$$

Etter bruk av dette kriteriet var det igjen 504 parallelle IOM og Respicon par til samanlikninga. Figur 13.11 viser verdiane for dei 504 para med parallelle prøver.



**Figur 13.11: Figuren viser konsentrasjonen mellom dei parallelle målte eksponeringsmålingane for inhalerbar aerosol prøveteke med IOM- og Respiconprøvetakarar.**

Samanhengen mellom inhalerbar aerosol målt med IOM og Respicon kan uttrykkast ved likninga/modellen:

$$\text{Inhalerbar aerosol}_{IOM} = 1,1 * \text{Inhalerbar aerosol}_{Respicon} + 0,01 * \% \text{- del Ekstratorakal aerosol}_{Respicon}$$

Denne modellen beskriv samanhengen godt, med ein  $R^2=0,867$ .


Resultata frå denne samanlikninga stemmer godt med andre funn, sjølv om dei valte å korrigere med ein faktor (Koch et al. 2002). Modellen opnar for ulik korreksjon avhengig av prosentdel ekstratorakal aerosol, men vil alltid ligge i intervallet 1,1 – 2,1 (0 – 100 % ekstratorakal aerosol).

Det har vore hevda at der er ein samanheng mellom gassane HF og  $SO_2$ . Svovel kjem inn i cellene via anodemassen som vart nytta, medan fluoridet er i råstoffet. Vi finn ingen god samanheng mellom HF og  $SO_2$  når ein ser på heile talmaterialet frå alle verka. Det er derimot godt mogeleg at der er gode samanhengar innafor arbeidsgrupper ved eit bestemt verk/hall. Dette gjenstår å sjå nærmare på. Det er tydeleg at  $SO_2$  er avhengig av mengda svovel i anodemassen, og kan derfor variere med leveranse av anodemasse. Sidan samanhengane mogelegvis er på verksnivå kan ein ikkje seie noko generelt om forholdet mellom HF og  $SO_2$  for heile industrien.


## 13.3. Tidsoppløyst eksponering

### 13.3.1. Direktevisande målingar av SO<sub>2</sub>


Eit direktevisande instrument gjev informasjon om eksponeringa som funksjon av tid, noko som blir vist i figurane 13.12 og 13.14. Eksponeringa kan være svært ulik avhengig av type arbeid utført. I begge desse eksempla er det vist for anodeskiftar i prebake. Oppsummering av SO<sub>2</sub>-eksponeringa ved kvart verk er gjevne i appendiks. Ved å sjå på tida som skal til for å oppnå 50 % og 90 % av eksponeringa kan ein bruke dei direktevisande målingane til å sjå på kor lang tid av skiftet eksponeringa strekkjer seg over. Figurane i 13.13 og 13.15 viser kumulative eksponering mot relativ tid for dei eksponeringane vist i figurane 13.12 og 13.14.




Figur 13.12: SO<sub>2</sub>-variabilitetsmåling under anodeskift i ein prebakehall.




Figur 13.13 Relativ kumulativ SO<sub>2</sub>-eksponering som funksjon av relativ tid av den tidsoppløyste SO<sub>2</sub>-loggen vist i fig. 13.12




Figur 13.14: SO<sub>2</sub>-variabilitetsmåling under anodeskift i ein prebakehall.



Figur 13.15: Relativ kumulativ SO<sub>2</sub>-eksponering som funksjon av relativ tid av den tidsoppløyste SO<sub>2</sub>-loggen vist i fig. 13.14



Figur 13.16: SO<sub>2</sub>-variabilitetsmåling under avviksarbeid i ein Söderberghall.



**Figur 13.17: Relativ kumulativ SO<sub>2</sub>-eksponering som funksjon av relativ tid av den tidsoppløyste SO<sub>2</sub>-loggen vist i fig. 13.16**

Som figurane 13.12 – 13.17 viser er det berre ein liten del av arbeidsdagen som har SO<sub>2</sub> eksponering.

Gjennomsnittleg (GM) for alle 597 direktevisande SO<sub>2</sub>-målingane viser at 50 % av den kumulative eksponeringa skjer i løpet av 1,6 % av tida på skiftet (noko som utgjer omlag 8 min av eit arbeidsskift). Medan den tilsvarande tida for 90 % av den kumulative eksponeringa er 5,6 % (noko som tilsvarer 27 min av eit arbeidsskift). Dette fortel at eksponeringa er prega av kortvarige episodar og at desse episodane utgjer all eller størstedelen av eksponeringa. Ved samanlikning mellom dei ulike verka var der signifikant forskjell mellom Karmøy og dei andre verka. På tross av signifikante forskjellar skjer eksponeringa i løpet av liten del av skiftet også ved Karmøy (50 % kumulativ eksponering på 3,5 % av tida og 90 % kumulativ eksponering på 13 % av tida).

Gass-sensarar med logging er nyttige hjelpemiddel for identifisering av toppeksponeering og variasjonen av eksponeringa gjennom eit arbeidsskift. For alle gassloggarane er det rekna tidsoppløyste konsentrasjonsfigurar, gjennomsnittleg konsentrasjon (ppm) og maksimalverdi. I tillegg vart toppane over ein gjeven verdi identifisert ved å rekne talet på toppar, kor lenge dei varer (sek.) og integrert episode (ppm\*s) som toppane representerer.

**Tabell 13.3: Direktevisande SO<sub>2</sub> med datalogging, tabellen viser N - talet på episodar/toppar over ein gjeven verdi, GM – geometrisk gjennomsnittet for verdien, Min, - den minste registrerte verdien og Maks - den høgste registreerte verdien.**

	N	GM	Min	Maks
Tal på toppar over 0,2 ppm	593	20	1	165
Tid for toppar over 0,2 ppm		942	10	17100
Integrert episode for toppar over 0,2 ppm (ppm*s)		351	1	37700
Tal på toppar over 0,5 ppm	542	8	1	71
Tid for toppar over 0,5 ppm		298	10	8920
Integrert episode for toppar over 0,5 ppm (ppm*s)		173	1	34600
Tal på toppar over 1,5 ppm	394	4	1	27
Tid for toppar over 1,5 ppm		98	10	3740
Integrert episode for toppar over 1,5 ppm (ppm*s)		125	1	30700
Tal på toppar over 2,0 ppm	353	3	1	27
Tid for toppar over 2,0 ppm		76	10	3230
Integrert episode for toppar over 2,0 ppm (ppm*s)		114	1	29200
Tal på toppar over 5,0 ppm	194	2	1	13
Tid for toppar over 5,0 ppm		39	10	1280
Integrert episode for toppar over 5,0 ppm (ppm*s)		113	1	23300

I tabellen 13.3 er det gjeve ein oversikt over SO<sub>2</sub>-målingane gjort med direktevisande datalogger. Generelt er verdiane lave, med eit gjennomsnitt på 0,07 ppm. Av totalt 605 dataloggingar hadde 593 verdiar over 0,2 ppm og med ein geometrisk middelvei på 20 toppar pr. skift med ei gjennomsnittleg tid på 942 sekund noko som gjev ein estimert integrert episode på 351 ppm \*s. I alt 353 målingar hadde episodar over den verdien som gjeld for eit 8-timarsskift (les: administrative normer), men det var i gjennomsnitt berre 3 episodar over denne verdien, som i gjennomsnittet varte i 76 sekund.

Den HF sensoren som vart utprøvd, viste seg ikkje å ha god nok oppløysning og respons til at ein kan nytte den for dei konsentrasjonsområda som ein har i denne industrien.


Det var ein teoretisk sjanse for å danne NO<sub>2</sub> i elektrolyseprosessen. Prosjektet nytta derfor direktevisande NO<sub>2</sub>-sensorar for eventuelt å kunne måle denne eksponeringa. Vi fann ikkje verdiar over den nedste fastsetjingsgrensa for utstyret. Der er såleis ingen verdiar å rapportere eller diskutere. Ein kan slå fast at NO<sub>2</sub>-eksponering ikkje var mogeleg å fastsetje for dei arbeidsoperasjonane som vart undersøkt i dette prosjektet.




### 13.3.2. Direktevisande målingar av aerosolar

I prosjektet vart det nytta ein direktevisande Respicon- og ein direktevisande IOM-prøvetakar.

Split-2 (direktevisane IOM) viste seg å ha ein intern luftlekkasje, noko som gjorde at den skapte problem for dei fyrste målingane. Utstyret vart i ettertid modifisert til å fungere som den var tenkt. Sidan ein ikkje hadde så mange målingar med denne typen utstyr, er det ikkje mogeleg å seie noko generelt ut frå bruken av Split-2. Resultata vist er derfor frå bruken av den direktevisande Respiconprøvetakaren. I figur 13.18 er det vist aerosoleksponeinga for ein anodeskiftar. Det er klart at eksponeringa ikkje er homogent fordelt utover arbeidsskiftet, men kjem som episodar ved utføring av ulike arbeidsoperasjonar. I figuren får ein eit inntrykk av eksponeringsnivå. Ved einstilte høve er eksponeringa høg, men varer svært kort tid. Med ei tett og individuell oppfølging er det mogeleg å identifisere eksponeringskjeldene og vurdere tiltak.




**Figur 13.18: Eksempel på tidsoppløyst måling med Respicon av ein anodeskiftar i ein prebakehall**




**Figur 13.19: Kumulativ eksponering mot relativ tid for Respiconmålinga vist i fig. 13.18**

Figur 13.19 viser dei ulike kumulative kurvar for dei ulike aerosolfraksjonane frå den direktevisane Respiconprøva vist i figur 13.18. Til saman har ein 43 målingar med direktevisande Respicon. Dette talmaterialet er for lite til å kunne dele opp og samanlikne verk og arbeidsoperasjonar. Gjennomsnittleg viser desse 43 målingane at 50 % av den respirabel kumulative eksponeringa er i løpet av 13,5 % av skifttida og 90 % av den respirable kumulative eksponeringa i løpet av 49 % av skifttida. For torakal aerosol viser gjennomsnittet at 50 % kumulativ eksponering er i løpet av 9 % av tida medan 90 % skjer i løpet av 44 % av tida. For inhalerbar aerosol er tida 6 % og 36 % for høvesvis 50 % og 90 % kumulativ eksponering. Tala viser at eksponeringa for dei ulike aerosolfraksjonane er forskjellig. Dess større partikkelstorleik aerosolen har, dess kortare relativ tid tek det å nå 50 % og 90 % kumulativ eksponering.



Figur 13.20: Eksempel på tidsoppløyst måling med Respicon av ein person i ei avviksgruppe i ein Söderberghall.



Figur 13.21: Kumulativ eksponering mot relativ tid for Respiconprøva vist i figur 13.20.

### 13.4. Personvariasjon av eksponering

Til å sjå på variasjonen i eksponeringa mellom personar og dag til dag variasjon for same personar har vi valt å bruke den torakale aerosolfraksjonen frå Respiconmålingane. I det statistiske grunnlaget nyttar ein blanda modellar (Mixed models) med krav om ein skal ha minimum 3 personar og 6 målingar innan kvar jobbkategori. Ein ser så på variasjonen (geometrisk standardavvik, GSD) mellom arbeidarar (between worker, bw) og dag til dag variasjonen for same arbeidar (within worker, ww).

**Tabell 13.4: Dag til dag variasjon og variasjon mellom arbeidarar for målingane utført ved Elkem Lista i 2003 og 2004**

Verk	Jobb kategori	K (personar)	N (målingar)	AM	GM	GSD	GSDww	GSDbw
<b>Lista1</b>	All	77	147	0.58	0.42	2.13	1.93	1.46
	Omnpassar	31	58	0.46	0.37	1.94	1.96	1
	Awik	16	31	0.90	0.67	2.07	1.98	1.30
	Gasskappeskiftar	4	12	1.08	0.81	2.30	2.36	1
	Målar	5	11	0.37	0.33	1.56	1.40	1.41
	Tappar	13	21	0.41	0.37	1.58	1.45	1.34
	Boltetrekkar	7	8	0.15	0.13	1.71	1.22	1.66
<b>Lista2</b>	All	54	97	0.71	0.53	2.14	1.58	1.94
	Omnpassar	17	30	0.57	0.51	1.60	1.32	1.54
	Awik	10	17	0.85	0.78	1.53	1.17	1.50
	Gasskappeskiftar	4	12	0.85	0.68	2.10	1.77	1.70
	Målar	5	12	0.54	0.35	2.51	1.92	2.00
	Tappar	9	13	0.66	0.61	1.56	1.70	1
	Boltetrekkar	9	9	0.18	0.16	1.55	1.54	1.09
<b>Lista 1+2</b>	All	103	244	0.63	0.46	2.15	1.85	1.59
	Omnpassar	42	88	0.50	0.41	1.87	1.81	1.21
	Awik	20	48	0.88	0.71	1.89	1.71	1.42
	Gasskappeskiftar	4	24	0.96	0.74	2.17	2.22	1
	Målar	8	23	0.46	0.34	2.05	1.92	1.35
	Digelrens	4	10	1.40	0.84	2.59	1.67	3.09
	Tappar	19	34	0.51	0.45	1.66	1.56	1.29
	Boltetrekkar	12	17	0.16	0.15	1.63	1.53	1.27

**Tabell 13.5: Dag til dag variasjon og variasjon mellom arbeidarar for målingane utført ved Elkem Mosjøen i 2003**

Verk	Jobb kategori	K (personar)	N (målingar)	AM	GM	GSD	GSDww	GSDbw
<b>Mosjøen</b>	All	55	100	1.18	0.90	2.04	1.83	1.46
	Omnpassar	21	37	0.87	0.78	1.57	1.34	1.40
	Digelrens	5	10	1.47	1.35	1.56	1.61	1
	Tappar	9	16	1.03	0.86	1.90	1.73	1.42
	Anodeskift	21	37	1.48	0.94	2.60	2.30	1.60

**Tabell 13.6: Dag til dag variasjon og variasjon mellom arbeidarar for målingane utført ved Sør-Norge Aluminium i 2003**

Verk	Jobb kategori	K (personar)	N (målingar)	AM	GM	GSD	GSDww	GSDbw
<b>Sørdal</b>	All	49	99	0.69	0.55	1.86	1.89	1
	Omnspassar	23	36	0.70	0.54	1.93	1.78	1.36
	Tappar	11	19	0.67	0.57	1.71	1.76	1
	Anodeskift	17	39	0.67	0.52	1.89	2.01	1

**Tabell 13.7: Dag til dag variasjon og variasjon mellom arbeidarar for målingane utført ved Hydro Karmøy i 2003**

Verk	Jobb kategori	K (personar)	N (målingar)	AM	GM	GSD	GSDww	GSDbw
<b>Karmøy</b>	All	109	200	1.83	1.35	2.23	1.67	1.92
	Omnspassar	27	46	1.32	1.17	1.70	1.72	1
	Gasskappeskiftar	3	9	2.24	1.82	2.02	2.08	1
	Digelrens	4	10	0.85	0.82	1.29	1.35	1
	Tappar	18	28	0.93	0.79	1.78	1.52	1.50
	Anodeskift	48	77	2.89	2.38	1.89	1.55	1.62
	Oksidkøyning	12	20	0.57	0.47	1.93	1.51	1.63
	Badtapping	5	10	1.70	1.47	1.92	1.40	2.04

**Tabell 13.8: Dag til dag variasjon og variasjon mellom arbeidarar for målingane utført ved Hydro Årdal i 2003**

Verk	Jobb kategori	K (personar)	N (målingar)	AM	GM	GSD	GSDww	GSDbw
<b>Årdal</b>	All	88	192	1.13	0.88	2.00	1.72	1.53
	Omnspassar	19	40	1.09	0.94	1.73	1.68	1.20
	Tappar	16	36	0.93	0.82	1.67	1.56	1.29
	Boltetrekkar	5	10	0.57	0.41	2.23	2.55	1
	Anodeskift	12	27	1.17	1.05	1.57	1.42	1.34
	Oksidkøyning	10	19	0.46	0.40	1.77	1.70	1.24
	Gassbrennar	5	10	0.99	0.89	1.60	1.42	1.39
	Stell/awik	14	30	1.67	1.45	1.74	1.33	1.62
	Bluss/miljø	10	20	1.66	0.96	2.50	2.35	1.40

**Tabell 13.9: Dag til dag variasjon og variasjon mellom arbeidarar for målingane utført ved Hydro Høyanger i 2003**

Verk	Jobb kategori	K (personar)	N (målingar)	AM	GM	GSD	GSDww	GSDbw
<b>Høyanger</b>	All	73	195	1.42	1.01	2.20	1.89	1.58
	Omnspassar	15	29	1.47	1.28	1.72	1.47	1.44
	Målar	6	14	1.19	1.12	1.37	1.37	1
	Tappar	16	35	1.54	1.25	1.82	1.47	1.59
	Boltetrekkar	7	15	1.22	1.03	1.73	1.69	1.17
	Anodeskift	25	46	1.51	1.04	2.58	2.29	1.58
	Oksidkøyning	4	10	0.58	0.41	2.29	2.28	1.13
	Gassbrennar	3	8	1.70	1.44	1.90	1.53	1.88
	Anoderesns	4	11	2.56	1.23	2.66	2.84	1

Frå tabellane 13.4 til 13.9 har ein at med få unntak er dag til dag variasjonen for same arbeidar ( $GSD_{ww}$ ) større enn variasjonen mellom arbeidarar ( $GSD_{bw}$ ). Generelt tyder det på at det som er avgjerande for eksponeringa, er jobben som skal utførast og den varierer i eksponering frå dag til dag. Denne variasjonen er for dei fleste jobbkategoriene ved dei fleste verka større enn variasjonen mellom arbeidarar som skal utføre den same jobben.

## 14. Effektiviteten av verneutstyr ved bruk

Brukseffektiviteten av fem ulike vernemasker vart undersøkt ved å ta prøver utanfor vernemaska parallelt med prøver av lufta innanfor maska. Dei fem masketypane som vart undersøkt var: 3M 9924, 3M 7500, 3M 4277, Sundström SR100 og airstream. Desse masketypane vart valt ut frå at det er dei som er oftast brukt i norsk aluminiumindustri.

Luftkonsentrasjonar av aerosol og gassar innanfor vernemaske har blitt samanlikna med verdiar for dei helserelevante aerosolfraksjonane (inhalerbar, torakal og respirabel) og gassar utanfor vernemaska. Sidan det ikkje eksisterer gode metodar for denne type undersøkingar, vart det etablert ein metode. Maskene vart punktert og slangar tilpassa for å kunne ta prøver frå innsida av maskene.

Resultata fortel noko om maskeeffektivitet ved bruk, kalla brukseffektivitet. Det blir ikkje korrigert for skjegg, andletsform eller andre parametarar som kan påverke brukseffektiviteten.

I denne studien hadde ein 10 masker av kvar av masketypane. Dette er eit lite talmateriale til å trekkje vitenskaplege slutningar frå når ein har stor spreiding i resultata. Studien er derfor å rekne som ei pilotstudie og ikkje eit fullverdig vitenskapleg arbeid. Konklusjonane som ein dreg, vil derfor berre vere indikasjonar.

Masketypane viser individuelt ein god brukseffektivitet samanlikna med inhalerbar aerosolfraksjon. Samanlikna med dei andre aerosolfraksjonane er der større forskjellar mellom masketypane. Maska av typen 3M 7500 viser ein generelt betre brukseffektivitet enn dei andre typane. Airstream viser ein trend i å ha noko lågare brukseffektivitet enn dei andre masketypane. For gassane HF og SO<sub>2</sub> var nivå innanfor maska for lave til at ein kan trekke konklusjonar.

Masker klassifisert som P3 har strengare krav til totallekkasje enn masker klassifisert som P2. Resultata viser at brukseffektiviteten gjenspeglar dette kravet. P3-maskene hadde betre brukseffektivitet (>95 % samanlikna med inhalerbar aerosol) enn P2-maskene (>85 % samanlikna med inhalerbar aerosol). Ein kan derfor vente seg eit betre vern av luftvegane ved å bruke masker klassifisert for aerosolar som P3 framfor masker klassifisert som P2.

Den fullstendige rapporten kan fåast ved å ta kontakt med STAMI eller AMS (STAMI-rapport Nr. 3, 2004: HAPPA-delrapport 2: Effektivitet av vernemasker ved bruk).

## 15. Ultrafine partiklar

Ultrafine partiklar har blitt karakterisert i arbeidsatmosfæren på forskjellige plasser i Søderberg- og prebakehallene ved Hydro Aluminium Karmøy. Totale partikkelkonsentrasjonar og partikkel storleiksfordelingar som funksjon av mobilitetsdiameter vart kontinuerlig målt over lengre tidsperiodar. I tillegg vart prøver av luftbårne partiklar samla inn ved termoforetisk avsetning på koparrgitter. Kopargittra vart undersøkt ved transmisjonselektronmikroskopi for fastsetjing av partiklane sin morfologi. Forureiningane til hallene frå elektrolysecellene i Søderberg- og prebakehallane vart studert. Spesielt ble arbeidsatmosfæren under anodeskift i prebakehallane studert.

Midla bakgrunn partikkelkonsentrasjon vart fastsett til 20000 partiklar/cm<sup>3</sup> for den eine prebakehallen med 10 gonger høgare toppkonsentrasjonar under anodeskiftoperasjonar. Hallen med søderbergteknologi førte til meir forureining for ultrafine partiklar med midla konsentrasjonar i storleiksorden 80000 partiklar/cm<sup>3</sup>. Den målte midla storleiksfordelinga av partiklane som funksjon av tid viste ein bimodal struktur med ein maksimal konsentrasjon ved eller under 10 nm og et anna maksimum ved partikkelstorleik på 50-100 nm.

Dei luftborne partiklane viste eit stort tal forskjellige morfologiske strukturer som blant anna omfatta lange tynne fiber, kjedeliknande agglomerat og forskjellige former av krystallittar. Berre ein liten fraksjon av partiklane med storleik rundt 10 nm kunne identifiserast på TEM bileta, noko som indikerte at disse partiklane kunne være flyktige.

Meir detaljert informasjon om disse partiklane kan bli tilgjengelig ved nærmarar mikroanalytiske undersøkingar.


Den fullstendige rapporten kan fåast ved å ta kontakt med STAMI eller AMS (Delrapport 1: Karakterisering av eksponering for ultrafine partiklar i elektrolysehaller ved produksjon av primæraluminium , STAMI-rapport 2003/6 og AMS/MS-rapport 39-03).

## 16. Tilrådingar for framtidige eksponeringsmålingar


Eksponeringsmålingar for vurdering av arbeidsmiljøet må baserast på personleg prøvetaking fordi arbeidsatmosfæren som ein arbeidar opplever varierer, sjølv mellom arbeidstakarar som jobbar fysisk nær kvarandre. Dette er klart vist i denne undersøkinga ved den tydelege variasjonen mellom operatørar for alle forureiningsparametrane. Vidare viser undersøkinga at den personlege eksponeringa er svært variabel over arbeidsdagen med klart definert "topp-eksponering"/episodar ved identifiserte arbeidsoperasjonar. For å kunne redusere den totale eksponeringa for operatørane er det derfor viktig å fokusere på dette. Bruk av direktevisande utstyr bør vere til god hjelp for å kunne jobbe med kontinuerlege forbetringar av arbeidsmiljøet.

Med bakgrunn i ynskje om å modernisere arbeidsmiljømålingar i Al-industrien og med spesielt fokus på astmaproblematikken anbefalast det fyrst og fremst å fokusere på forureiningskomponentar som kan penetrere til det torakale området i luftvegane

(Vincent, 1995). Dette medfører eksponeringsmålinger av den torakale aerosolfraksjonen og gassar. Eit overvåkingsprogram bør også være rasjonelt og helst minst mogeleg ressurskrevjande. Utvalet av kommersielt tilgjengelege torakale prøvetakarar for simultan prøvetakinga av gassar og torakal aerosol er uheldigvis i dag svært avgrensa, men tilgjengeleg.




**Fig.16.1: Samanlikning mellom konsentrasjonar av inhalerbar aerosol og torakal aerosol, begge aerosolfraksjonane prøvetatt med Respicon**



**Fig. 16.2: Samanlikning mellom konsentrasjonen av inhalerbar partikulær fluorid med torakal partikulær fluorid, begge prøvetatt med Respicon.**






**Fig. 16.3: Samanlikning mellom konsentrasjonen av inhalerbar vassløseleg fluorid med torakal vassløseleg fluorid, begge prøvetatt med Respicon.**


Frå figurane 16.1, 16.2 og 16.3 kjem det klart fram at samanhengane både for total masse, vassløseleg fluorid og partikulært fluorid er så god at det burde være nok å ta prøver av anten den torakale eller den inhalerbare aerosolfraksjonen. Ved berre å ta prøve av den torakale fraksjonen kan ein difor estimere den inhalerbare aerosolfraksjonen. Denne samanhengen er funnen basert på alle målingane i både prebake og Søderberg, med alle dei ulike jobbkategoriane.

I utvidinga av prosjektet med prøvetaking på Karmøy og Sunndalsøra vart det gjort ei samanlikning med den tradisjonelle "totalstøv"-kassetten. Det er tidlegare vist at denne kassetten underestimerer den inhalerbare aerosolen (Werner et. al. 1996). Graden av underestimering er avhengig av partikkelstorleiksfordelinga.



**Fig. 16.4: Samanlikning av konsentrasjonen av aerosol målt med "Totalstøv"-kassetten med og torakal aerosol målt med Respicon.**

Fordelinga av resultatane frå dei ulike prøvetakarane og forureiningane viser seg ikkje å være normalfordelte. For å kunne nytte vanlege statistiske metodar som krev normalfordelte data, måtte ein lg-transformere alle data.



**Fig. 16.5: Samanlikning av Aerosol målt med "Totalstøv"-kassetten med torakal aerosol målt med Respicon lg transformerte data.**

Dersom ein ser på samanhengen mellom aerosol målt med "Totalstøv"-kassetten og den torakale aerosolen målt med Respicon, kan ein uttrykke fylgjande lineære samanheng:

$$(1) \lg(\text{Torakal Aerosol}_{\text{Respicon}}) = -0,002 + 0,890 \times \lg(\text{Aerosol}_{\text{"Totalstøv"-kasset}})$$

med  $R^2 = 0,755$

Med 95 % konfidensintervall frå 0,814 til 0,965 for verdien 0,890 og frå  $-0,037$  til  $-0,032$  for verdien  $-0,002$

Ein annan strategi er å samanlikne forholda  $\left(\frac{\text{Torakal Aerosol}_{\text{Respicon}}}{\text{Aerosol}_{\text{"Totalstøv"-kasset}}}\right)$  mellom dei to

prøvetakarane direkte på parallelle prøver. Sidan forholda ikkje er normalfordelte må ein bruke lg-transformerte verdiar av forholda. Datasettet vart valt delt inn i 3 konsentrasjonsgrupper med omlag like mange målingar i kvar av gruppene. Inndelinga og resultat er gjeve i tabell 16.1.

**Tabell 16.1: Resultat av analysen av forholdet mellom torakal aerosol målt med Respicon og aerosol målt med "Totalstøv"-kassetten.**

Nivå torakal aerosol, mg/m <sup>3</sup>	Talet på målinger, n	Gjennomsnitt (lg(Torakal Aerosol/Aerosol "Totalstøv"-k.))	95 % Konfidensintervall		Minimum	Maksimum
			Nedre grense	Øvre grense		
DL – 0,980	60	-0,0912	-0,1500	-0,0325	-0,78	0,54
0,981-2,220	60	-0,0416	-0,0929	0,0098	-0,62	0,48
2,221-17,85	59	0,0546	0,0083	0,1009	-0,37	0,48
Totalt	179	-0,0265	-0,0575	0,0045	-0,78	0,54

Logaritmisert gjennomsnittleg forhold mellom torakal aerosol målt med Respicon og aerosol målt med "Totalstøv"-kassetten blir –0,0265. Forholdet mellom torakal aerosol målt med Respicon og "Totalstøv"-kassetten kan derfor uttrykkest:

$$(2) \lg \frac{\text{Torakal Aerosol}_{\text{Respicon}}}{\text{Aerosol}_{\text{"Totalstøv"-kassetten}}} = 0,0265 \text{ med } 95\% \text{ konfidensintervall } (-0,0575 - 0,0045)$$

ved å rekne om, kan ein uttrykke forholdet slik:

$$(3) \text{Torakal aerosol}_{\text{Respicon}} = 0,94 \times \text{Aerosol}_{\text{"Totalstøv"-kassetten}}, \text{ med } 95 \% \text{ konfidensintervall } 0,88 - 1,01$$

Det ser derfor ut som om ein kan bruke enten likning (1) eller likning (3) til å estimere den torakale personlege eksponeringa der ein har brukt "Totalstøv"-kassetten. Modellane 1 og 3 modellerar ikkje den torakale eksponeringa likt. I modell 1 vil ein ha eit større prosentvis avvik dess høgare målt "Totalstøv"-eksponering, medan i modell (2) er forholdet konstant (94%), uavhengig av eksponeringsnivå.

Fortsetninga for tilrådingar av ny målestrategi er at ein brukar utstyr som er spesifikk for den aerosolfraksjonen ein har valt å fokusere på. I høve problemstillinga med astma vurderer vi primært å fokusere på den torakale aerosolfraksjonen og gassar fordi dette når ned til målorganet. Det er også eit poeng at prøvetakinga blir harmonisert mellom alle verk og mellom dei ulike arbeidsoperasjonane.

Tilrådingane frå prosjektet er å nytte ein torakal aerosolprøvetakar (torakal sykklon) kombinert med oppsamling av gass på impregnerte støtteplater. Vi meiner også at ut frå dei eksisterande rammevilkåra (les: Administrative normer) vil fastsetjing av torakal aerosol, torakalt partikulært fluorid og gassane HF/SO<sub>2</sub> være nok for rutinemessing overvaking av arbeidsmiljøet.

For å kunne redusere talet på episodar er det viktig at ein brukar direktevisane utstyr. Dette gjeld for både gassar og aerosolar. Direktevisane utstyr saman med PIMEX (Picture Mixed Exposure), der ein fylgjer utvalte arbeidsoperasjonar med video kan være viktig og eit nødvendig hjelpemiddel til å kunne gjere målretta tiltak for reduksjon av den personlege eksponeringa. Det er derfor tilrådeleg at eksponeringsutsette arbeidsoperasjonane blir gjennomgått grundig ved bruk av direktevisande utstyr og PIMEX.

## 17. Referansar

Helmut Hund GmbH, Dust Sampling Instrument – Respicon – *Technical Description and Instruction Manual*, Version: 3.0, December 2000, <http://hund.de>.

Hurlbut CS and Klein C, *Manual of Mineralogy 19th edition*: John Wiley & Sons. NY, USA, 1971.

Nieboer E, Thomassen Y, Chashchin V, and Odland JO, Occupational exposure assessment of metals, *J of Environ Monit.* 2005; 7: 412-415.

Koch W, Dunkhorst W, Lödding H, Thomassen Y, Skaugset NP, Nikanov A, Vincent J, Evaluation of the Respicon® as a personal sampler in industrial environments, *J of Environ Monit.*, 2002; 4: 657-662.

Koch W, Dunkhorst W, Thomassen Y, Skaugset NP, Ellingsen DG, Jordbekken L og Drabløs PA, HAPPA — Delrapport nr 1: Karakterisering av eksponering for ultrafine partikler i elektrolysehaller ved produksjon av primæraluminium, *STAMI-rapport 2003/6*.

Li S-N, Lundgren DA, Rovell-Rixx, D, Evaluation of six inhalable aerosol samplers, *Am Ind Hyg Assoc J.* 2000; 61: 506-516.

Mark D and Vincent JH, A new personal sampler for airborne total dust in workplaces. *Ann of Occup Hyg.* 1986; 30: 89-102.

Miller JC and Miller JN, *Statistics for Analytical Chemistry*. British Library Cataloguing in Publishing Data. 1993.

Morris JB, Smith FA, Regional deposition and absorption of inhaled hydrogen fluoride in the rat. *Toxicol Appl Pharmacol.* 1982; 62: 81-89.

Norseth, T., *STAMI, Kriteriedokument for svoveldioksid*, 2002.

NS-EN 481 Arbeidsplassluft – Definisjoner av partikkelstørrelse for måling av luftbårne partikler.

Skaugset NP, Thomassen Y, Ellingsen DG, Jordbekken L og Notø H, HAPPA – Delrapport nr. 2: Effektivitet av vernemasker ved bruk, *STAMI-rapport 2004/3*.

Tsai PJ Vincent J, Wahl G, Maldonado G, Occupational exposure to inhalable and total aerosol in the primary nickel production industry. *Occu Environ Med.* 1995; 52: 793-799.

Vincent JH, *Aerosol Science for Industrial Hygienists*, 1995, Pergamon, Oxford, UK.

Vincent JH Progress towards implementation of new aerosol industrial hygiene standards, with special reference to the aluminium industry. *Sci Tot Environ.* 1995; 163: 3-9.

Vincent, J.H, *Aerosol Sampling, Science, Standards, Instrumentation and Applications*, 2007, Wiley & Sons, West Sussex, UK.

Werner MA, Spear TM and Vincent JH, Investigation into the impact of introducing workplace aerosol standards based on the inhalable fraction, *Analyst*, 1996; 121: 1207-1214.

Whitford GM, The physiological and toxicological characteristics of fluoride. *J Dent Res.* 1990; 69: 539-549.

World Health Organization (WHO). *Environmental Health Criteria 188*. Nitrogen oxides (second edition), WHO, Geneva, Switzerland, 1997.

World Health Organization (WHO). *Environmental Health Criteria 227*. Fluorides. WHO, Geneva, Switzerland, 2002.

## 18. Appendiks

### 18.1. Resultat fordelt på verk

				95 % Konfidensintervall			
	N	AM	GM	Nedre	Øvre	Min	Max
<b>Inhalerbar aerosol, IOM, µg/m<sup>3</sup></b>							
Lista 1	64	1700	1200	1000	2500	500	9200
Mosjøen	86	5400	3300	2700	3900	200	119000
SØRAL	92	3400	2400	2100	2900	600	2800
Karmøy	167	6800	4700	4200	5400	800	65000
Årdal	168	3900	2500	2200	2800	700	111000
Høyanger	191	4400	3000	2600	3400	800	33000
Lista 2	96	3100	2300	2000	2700	400	15000
<b>Vassløseleg fluorid, IOM, µg/m<sup>3</sup></b>							
Lista 1	64	99	57	43	75	6,9	416
Mosjøen	87	292	230	194	272	27	754
SØRAL	90	211	173	149	201	3,5	868
Karmøy	162	279	216	192	242	34	1291
Årdal	167	170	120	103	141	2,8	578
Høyanger	191	231	182	163	203	3,9	715
Lista 2	96	119	83	69	100	3,2	495
<b>Respirabel aerosol, Respicon, µg/m<sup>3</sup></b>							
Lista 1	147	330	240	210	270	40	2100
Mosjøen	100	470	390	340	440	50	2100
SØRAL	100	280	240	220	260	160	1700
Karmøy	200	680	570	530	620	80	2600
Årdal	192	590	440	390	490	50	4300
Høyanger	195	640	500	450	550	50	6900
Lista 2	98	420	290	240	340	40	4400
<b>Torakal aerosol, Respicon, µg/m<sup>3</sup></b>							
Lista 1	147	580	420	370	480	70	4800
Mosjøen	100	1200	900	780	1030	120	11000
SØRAL	99	690	550	490	620	280	3500
Karmøy	200	1800	1350	1200	1510	150	8700
Årdal	192	1100	880	790	970	100	12000
Høyanger	195	1400	1010	910	1130	90	18000
Lista 2	98	750	540	460	630	60	6800
<b>Inhalerbar aerosol, Respicon, µg/m<sup>3</sup></b>							
Lista 1	147	1800	1300	1200	1500	270	14000
Mosjøen	100	5000	3500	2900	4100	380	46000
SØRAL	99	1900	1500	1300	1700	460	13000
Karmøy	199	6400	4000	3500	4600	480	36000
Årdal	192	3900	2800	2500	3100	450	66000
Høyanger	194	4200	2800	2500	3200	130	34000
Lista 2	98	2300	1700	1400	1900	210	23000

				95 % konfidensintervall			
	N	AM	GM	Nedre	Øvre	Min	Maks
<b>Respirabelt vassløseleg fluorid, Respicon, µg/m<sup>3</sup></b>							
Lista 1	147	24	13	11	15	1,9	191
Mosjøen	100	59	41	35	49	8,2	256
SØRAL	100	33	29	26	32	6,6	94
Karmøy	199	64	49	44	55	6,3	197
Årdal	192	53	37	32	42	2,0	299
Høyanger	195	62	47	42	52	5,5	319
Lista 2	96	34	22	18	26	1,8	224
<b>Torakalt vassløseleg fluorid, Respicon, µg/m<sup>3</sup></b>							
Lista 1	147	36	22	19	26	3,4	221
Mosjøen	100	122	88	74	104	9,6	674
SØRAL	100	68	55	49	63	15	221
Karmøy	200	145	102	90	115	12	576
Årdal	192	93	65	57	74	3,5	521
Høyanger	195	109	82	73	91	8,7	567
Lista 2	96	56	37	30	44	3,6	532
<b>Inhalerbart vassløseleg fluorid, Respicon, µg/m<sup>3</sup></b>							
Lista 1	147	73	50	44	58	7,3	404
Mosjøen	100	278	214	184	250	20	1368
SØRAL	100	142	111	97	128	22	542
Karmøy	200	279	195	172	222	20	1016
Årdal	192	189	136	119	155	5,1	1135
Høyanger	195	203	153	137	171	20	905
Lista 2	96	110	75	63	90	5,2	1092
<b>Respirabelt lutløseleg fluorid, Respicon, µg/m<sup>3</sup></b>							
Lista 1	147	21	14	13	16	7,6	208
Mosjøen	100	44	30	26	36	8,4	218
SØRAL	100	19	16	14	18	8,5	78
Karmøy	200	80	39	33	46	8,0	585
Årdal	192	43	26	22	29	3,2	745
Høyanger	192	59	36	32	42	8,3	582
Lista 2	96	21	14	12	17	7,7	247
<b>Torakalt lutløseleg fluorid, Respicon, µg/m<sup>3</sup></b>							
Lista 1	147	37	27	24	30	14	371
Mosjøen	100	134	83	69	100	16	1756
SØRAL	100	48	36	31	41	15	276
Karmøy	200	314	110	90	135	14	3881
Årdal	192	90	55	48	63	13	675
Høyanger	192	154	74	64	86	15	4045
Lista 2	96	46	29	25	34	14	807
<b>Inhalerbart lutløseleg fluorid, Respicon, µg/m<sup>3</sup></b>							
Lista 1	147	99	65	57	75	20	767
Mosjøen	100	641	371	303	455	39	8646
SØRAL	100	142	99	85	117	25	796
Karmøy	200	1363	351	277	445	20	11523
Årdal	192	254	158	137	183	21	1704
Høyanger	189	462	195	164	232	24	8293
Lista 2	96	156	84	70	102	20	4041



				95 % Konfidensintervall		Min	Maks
	N	AM	GM	Nedre	Øvre		
<b>Respirabelt partikulært fluorid, Respicon, µg/m<sup>3</sup></b>							
Lista 1	147	44	30	26	34	10	357
Mosjøen	100	103	74	63	87	20	438
SØRAL	100	52	46	41	51	16	148
Karmøy	200	144	94	82	107	14	756
Årdal	192	97	67	59	76	12	796
Høyanger	192	121	88	79	99	16	800
Lista 2	96	55	38	32	45	10	472
<b>Torakalt partikulært fluorid, Respicon, µg/m<sup>3</sup></b>							
Lista 1	147	73	52	46	59	18	460
Mosjøen	100	256	175	148	208	31	2430
SØRAL	100	116	93	83	106	33	442
Karmøy	200	459	228	193	269	26	4457
Årdal	192	183	128	113	145	20	967
Høyanger	192	264	163	144	186	26	4613
Lista 2	96	102	69	58	81	20	1339
<b>Inhalerbart partikulært fluorid, Respicon, µg/m<sup>3</sup></b>							
Lista 1	147	172	120	105	137	31	1037
Mosjøen	100	919	599	499	720	61	10013
SØRAL	100	284	215	186	248	59	1338
Karmøy	200	1642	596	488	727	42	12368
Årdal	192	443	306	269	348	30	2471
Høyanger	189	667	367	317	425	54	9198
Lista 2	96	266	162	136	194	28	5134
<b>HF frå impregnert filter, µg/m<sup>3</sup></b>							
Lista 1	65	141	90	73	111	20	965
Mosjøen	87	110	72	60	86	19	920
SØRAL	90	56	44	38	51	7,4	259
Karmøy	166	95	62	54	71	12	640
Årdal	161	121	68	57	81	3,0	601
Høyanger	191	159	83	69	99	4,2	717
Lista 2	94	141	91	74	111	1,4	872
<b>Totalfluorid, (Inhalerbart partikulært fluorid + F frå impregnert filter), µg/m<sup>3</sup></b>							
Lista 1	62	316	219	178	268	56	1953
Mosjøen	87	1013	663	547	805	93	10153
SØRAL	90	337	275	241	313	70	1415
Karmøy	162	1353	552	453	672	68	11794
Årdal	159	551	385	334	444	41	2499
Høyanger	185	821	523	457	599	67	9206
Lista 2	92	345	258	219	303	40	1360
<b>Aerosol, Respirabel syklon, µg/m<sup>3</sup></b>							
Lista 1	11	250	190	110	330	40	590
Mosjøen	9	560	440	250	780	170	1100
SØRAL	7	320	290	190	450	180	670
Karmøy	18	540	520	440	600	290	980
Årdal	16	450	400	300	530	130	900
Høyanger	18	680	460	310	680	150	4100
Lista 2	9	410	320	180	560	120	1000

				95 % Konfidensintervall			
	N	AM	GM	Nedre	Øvre	Min	Maks
<b>Vassløseleg fluorid, Respirabel sykklon, µg/m<sup>3</sup></b>							
Lista 1	11	25	14	6,7	29	3,7	102
Mosjøen	9	73	50	24	106	11	202
SØRAL	7	39	36	24	55	18	77
Karmøy	18	68	57	42	77	20	175
Årdal	16	42	32	22	48	14	107
Høyanger	18	78	54	35	82	17	287
Lista 2	9	73	39	16	93	8,2	327
<b>Lutløseleg fluorid, Respirabel sykklon, µg/m<sup>3</sup></b>							
Lista 1	11	19	10	5,3	21	5,5	93
Mosjøen	9	79	48	22	107	18	233
SØRAL	7	16	15	8,7	25	5,1	29
Karmøy	18	25	15	9,4	25	5,2	129
Årdal	16	73	49	28	85	5,0	185
Høyanger	18	34	26	18	39	7,2	96
Lista 2	9	26	18	9	35	5,0	91
<b>Aerosol, Torakal sykklon, µg/m<sup>3</sup></b>							
Lista 1	13	400	320	200	510	60	860
Mosjøen	10	730	580	330	1010	150	1900
SØRAL	10	450	370	220	600	110	1100
Årdal	42	490	410	330	500	60	1300
Høyanger	55	660	540	440	650	50	2700
Lista 2	26	370	310	240	400	60	1300
<b>Vassløseleg fluorid, Torakal sykklon, µg/m<sup>3</sup></b>							
Lista 1	13	49	28	14	56	4,3	162
Mosjøen	10	120	85	44	164	20	394
SØRAL	10	57	43	26	73	22	155
Årdal	42	64	48	37	62	7,4	179
Høyanger	55	83	63	51	78	8,3	403
Lista 2	26	38	24	16	34	3,6	209
<b>Lutløseleg fluorid, Torakal sykklon, µg/m<sup>3</sup></b>							
Lista 1	13	19	14	8,6	22	6,6	57
Mosjøen	10	73	53	30	94	15	275
SØRAL	10	30	24	14	40	7,8	72
Årdal	42	23	17	14	22	5,9	75
Høyanger	55	46	32	25	41	9,4	228
Lista 2	26	19	12	9,0	17	6,2	123
<b>SO<sub>2</sub> frå impregnert filter, µg/m<sup>3</sup></b>							
Lista 1	65	127	67	51	88	7	820
Mosjøen	87	356	203	160	257	20	2352
SØRAL	90	126	89	74	106	12	507
Karmøy	166	172	128	112	146	9	570
Årdal	161	140	59	48	72	4	1491
Høyanger	191	164	109	96	125	5	1623
Lista 2	94	132	99	83	117	2	463

## 18.2. Resultat fordelt på arbeidsstad

				95 % Konfidensintervall		Min	Maks
	N	AM	GM	Nedre	Øvre		
<b>Aerosol, IOM, µg/m<sup>3</sup></b>							
Prebake	304	5300	3290	2960	3670	200	650
Søderberg	362	3700	2650	2430	2900	370	240
Anoderens	19	4100	2410	1570	3690	830	330
Digelrom	36	3300	2900	2400	3510	550	70
Tappar	143	2500	2450	2140	2800	580	1200
<b>Vassløseleg fluorid, IOM, µg/m<sup>3</sup></b>							
Prebake	300	278	212	193	233	2,8	1291
Søderberg	360	147	100	90	110	3,2	697
Anoderens	19	194	151	106	215	49	566
Digelrom	37	302	258	205	324	22	754
Tappar	141	204	161	140	185	3,1	684
<b>Respirabel aerosol, Respicon, µg/m<sup>3</sup></b>							
Prebake	357	550	420	390	450	50	2700
Søderberg	448	520	360	340	390	40	6900
Anoderens	19	540	330	230	470	150	4900
Digelrom	41	490	390	320	470	140	2900
Tappar	167	480	400	370	440	50	2400
<b>Torakal aerosol, Respicon, µg/m<sup>3</sup></b>							
Prebake	356	1400	980	890	1070	100	11000
Søderberg	448	1000	710	650	770	60	12000
Anoderens	19	1700	800	520	1240	220	18000
Digelrom	41	1100	870	710	1070	270	6800
Tappar	167	950	760	690	840	160	6900
<b>Inhalerbar aerosol, Respicon, µg/m<sup>3</sup></b>							
Prebake	356	5000	3070	2760	3410	290	46000
Søderberg	447	3600	2290	2100	2490	130	66000
Anoderens	19	3700	1940	1230	3060	530	34000
Digelrom	41	2900	2120	1700	2640	650	23000
Tappar	166	2700	2010	1810	2240	340	26000
<b>Respirabelt vassløseleg fluorid, Respicon, µg/m<sup>3</sup></b>							
Prebake	356	60	45	42	49	6,6	256
Søderberg	446	38	23	20	25	1,8	319
Anoderens	19	34	23	15	34	5,5	218
Digelrom	41	67	52	42	64	14	224
Tappar	167	54	42	38	47	8,4	266
<b>Torakalt vassløseleg fluorid, Respicon, µg/m<sup>3</sup></b>							
Prebake	357	131	92	84	101	8,7	674
Søderberg	446	61	39	35	42	3,4	521
Anoderens	19	91	54	33	88	12	567
Digelrom	41	142	113	91	140	31	532
Tappar	167	97	75	67	84	10	519

	95 % konfidensintervall						Min	Maks
	N	AM	GM	Nedre	Øvre			
<b>Inhalerbart vassløseleg fluorid, Respicon, µg/m<sup>3</sup></b>								
Prebake	357	268	193	177	212	20	1368	
Søderberg	446	122	81	74	88	5,1	1135	
Anoderens	19	176	108	66	176	24	905	
Digelrom	41	268	216	176	266	64	1092	
Tappar	167	183	144	130	161	22	814	
<b>Respirabel lutløseleg fluorid, Respicon, µg/m<sup>3</sup></b>								
Prebake	357	72	40	35	44	8,4	585	
Søderberg	443	25	17	16	19	3,2	269	
Anoderens	19	66	28	16	51	8,3	582	
Digelrom	41	45	28	21	37	8,7	247	
Tappar	167	43	24	21	28	7,3	745	
<b>Torakalt lutløseleg fluorid, Respicon, µg/m<sup>3</sup></b>								
Prebake	357	256	106	93	122	15	3881	
Søderberg	443	50	35	32	37	14	535	
Anoderens	19	313	72	34	149	15	4045	
Digelrom	41	117	73	54	98	16	807	
Tappar	167	79	49	43	56	13	1068	
<b>Inhalerbart lutløseleg fluorid, Respicon, µg/m<sup>3</sup></b>								
Prebake	356	1068	360	309	420	24	11523	
Søderberg	441	148	91	83	100	20	1520	
Anoderens	19	730	188	89	395	38	8293	
Digelrom	41	385	208	151	287	24	4041	
Tappar	167	248	143	124	166	23	6950	
<b>Respirabelt partikulært fluorid, Respicon, µg/m<sup>3</sup></b>								
Prebake	357	132	89	81	98	16	756	
Søderberg	443	64	43	40	46	10	486	
Anoderens	19	100	53	32	87	16	800	
Digelrom	41	111	82	65	104	24	472	
Tappar	167	97	71	63	79	18	796	
<b>Torakalt partikulært fluorid, Respicon, µg/m<sup>3</sup></b>								
Prebake	357	387	208	186	233	26	4457	
Søderberg	443	112	77	71	83	18	967	
Anoderens	19	404	132	70	249	27	4613	
Digelrom	41	259	192	151	243	49	1339	
Tappar	167	176	130	116	146	30	1586	
<b>Inhalerbart partikulært fluorid, Respicon, µg/m<sup>3</sup></b>								
Prebake	356	1336	588	516	671	44	12368	
Søderberg	441	270	177	162	193	28	2471	
Anoderens	19	906	309	161	594	70	9198	
Digelrom	41	654	438	337	568	88	5134	
Tappar	167	431	297	263	336	46	7750	
<b>HF frå impregnert filter, µg/m<sup>3</sup></b>								
Prebake	302	107	70	63	77	3,0	737	
Søderberg	355	151	83	74	93	1,4	965	
Anoderens	19	22	20	16	26	7,9	44	
Digelrom	36	68	40	28	59	4,8	244	
Tappar	142	96	67	59	77	4,2	920	

				95 % konfidensintervall			
	N	AM	GM	Nedre	Øvre	Min	Maks
<b>Totalfluorid (Inhalerbart partikulært fluorid + HF frå impregnert filter), µg/m<sup>3</sup></b>							
Prebake	299	1232	631	556	716	61	11794
Søderberg	343	419	286	261	315	40	2499
Anoderens	19	927	346	187	640	81	9206
Digelrom	36	595	458	359	585	102	3049
Tappar	140	552	412	367	463	88	7916
<b>Aerosol, Respirabel sykklon, µg/m<sup>3</sup></b>							
Prebake	28	450	390	310	480	130	1100
Søderberg	42	510	360	280	470	40	4100
Anoderens	1	250	250				
Digelrom	5	700	680	490	950	550	1100
Tappar	12	400	360	270	480	170	840
<b>Vassløseleg fluorid, Respirabel sykklon, µg/m<sup>3</sup></b>							
Prebake	28	59	46	34	61	11	175
Søderberg	42	54	31	22	43	3,7	327
Anoderens	1	22	22				
Digelrom	5	109	101	62	167	77	202
Tappar	12	54	43	28	66	14	151
<b>Lutløseleg fluorid, Respirabel sykklon, µg/m<sup>3</sup></b>							
Prebake	28	58	37	25	55	5,1	192
Søderberg	42	28	16	11	22	5,0	146
Anoderens	1	15	15				
Digelrom	5	84	53	14	205	18	233
Tappar	12	25	20	13	31	5,0	71
<b>Aerosol, Torakal sykklon, µg/m<sup>3</sup></b>							
Prebake	53	550	440	360	540	50	1400
Søderberg	72	460	370	310	430	60	2700
Anoderens	5	480	450	270	740	280	800
Digelrom	6	990	860	450	1630	350	1900
Tappar	20	650	560	420	740	160	1600
<b>Vassløseleg fluorid, Torakal sykklon, µg/m<sup>3</sup></b>							
Prebake	53	74	60	49	72	15	179
Søderberg	72	47	30	24	37	3,6	403
Anoderens	5	45	33	11	104	12	92
Digelrom	6	170	139	68	288	63	394
Tappar	20	103	88	67	117	26	286
<b>Lutløseleg fluorid, Torakal sykklon, µg/m<sup>3</sup></b>							
Prebake	53	47	35	29	44	7,8	228
Søderberg	72	18	14	11	16	5,9	76
Anoderens	5	35	21	5,4	85	9,4	95
Digelrom	6	94	61	20	181	18	275
Tappar	20	39	27	18	41	7,7	119
<b>SO<sub>2</sub> frå impregnert filter, µg/m<sup>3</sup></b>							
Prebake	302	259	163	146	182	7,3	2352
Søderberg	355	154	98	88	110	1,9	820
Anoderens	19	59	52	40	66	22	141
Digelrom	36	59	47	37	60	10	222
Tappar	142	66	48	42	54	5,1	580

### 18.3. Resultat frå EAL januar 2003

				95 % Konfidensintervall			
	N	AM	GM	Nedre	Øvre	Min	Maks
<b>IOM, inhalerbar aerosol, µg/m<sup>3</sup></b>							
Omnspassar	24	990	840	670	1100	480	2400
Avvik	6	4000	2500	740	8500	570	9200
Gasskappeskiftar	8	3300	2700	1400	5300	500	5900
Måler	6	2200	1400	470	4000	530	7000
Digelrens	5	1900	1700	770	3800	550	2500
Tappar	9	1100	920	620	1400	580	2700
Boltetrekkar	6	670	660	540	800	540	880
<b>IOM, inhalerbart vassløyselig fluorid, µg/m<sup>3</sup></b>							
Omnspassar	24	42	34	25	46	6,9	104
Avvik	6	195	92	17	488	9,5	416
Gasskappeskiftar	8	161	136	76	243	32	278
Måler	6	137	98	40	244	38	398
Digelrens	5	209	156	39	614	22	306
Tappar	9	100	84	52	134	33	245
Boltetrekkar	6	14	12	7,1	20	8,1	32
<b>RESPICON, respirabel aerosol, µg/m<sup>3</sup></b>							
Omnspassar	58	270	200	170	240	40	1800
Avvik	31	530	390	290	520	40	2100
Gasskappeskiftar	12	540	380	220	650	100	2000
Måler	11	260	150	100	210	40	230
Digelrens	6	300	290	220	390	200	400
Tappar	21	270	250	220	290	140	510
Boltetrekkar	8	80	70	50	120	40	160
<b>RESPICON, torakal aerosol, µg/m<sup>3</sup></b>							
Omnspassar	58	460	370	310	440	70	2600
Avvik	31	900	670	510	880	210	4800
Gasskappeskiftar	12	1100	810	470	1400	180	3000
Måler	11	370	330	240	450	190	1100
Digelrens	6	530	490	290	800	270	770
Tappar	21	410	370	300	460	180	800
Boltetrekkar	8	150	130	80	200	70	250
<b>RESPICON, inhalerbar aerosol, µg/m<sup>3</sup></b>							
Omnspassar	58	1800	1300	1100	1500	420	14000
Avvik	31	2600	2100	1700	2600	620	8700
Gasskappeskiftar	12	3100	2500	1600	4000	520	7600
Måler	11	1100	950	660	1400	550	3700
Digelrens	6	1400	1300	870	1900	710	2000
Tappar	21	1000	910	720	1100	340	2400
Boltetrekkar	8	480	450	310	630	270	760

				95 % Konfidensintervall			
	N	AM	GM	Nedre	Øvre	Min	Maks
<b>RESPICON respirabelt vassløseleg fluorid, µg/m<sup>3</sup></b>							
Omnspassar	58	11	7,0	5,5	8,8	1,9	130
Avvik	31	45	26	17	39	2,1	191
